

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

## **I** Innkalling til møte i Kontrollutval - Flora kommune

Utval: Kontrollutval - Flora kommune  
Møtedato: 19.01.2012  
Møtetid: 09:00  
Stad: Møterom: Ytterøyane (Samfunnshuset).  
Møtenr.: 1/2012  
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet. Rådmannen (sak 1 og 4 og 9/12) Ordførar (sak 3/12) Revisor (sak 9/12).

Melding til: Ordførar(møterett), revisor (møterett) og varamedlemer (Varamedlemer møter etter nærmare innkalling).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 976 15 363 eller på e-postadresse: [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no).

### SAKLISTE

- Sak 001/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.
- Sak 002/12 Skriv og meldingar.
- Sak 003/12 Orientering om strategiar og utfordringar v/ordførar.
- Sak 004/12 Orientering om strategiar og utfordringar med meir v/rådmannen .
- Sak 005/12 Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet
- Sak 006/12 Møteplan 2012.
- Sak 007/11 Oppfølgingsliste 1-2012 – Flora.
- Sak 008/12 Eventuelt.
- Sak 009/12 Prosjektrekneskap 78606 Asfaltering.

Flora, 11.01.2012.

Bjarne Holme (s)  
Leiar

  
Asgeir Tveit  
SEKOM – sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	<a href="mailto:post@sekom.no">post@sekom.no</a>	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

## 001/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
Dato: 10.01.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	19.01.2012	001/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

## 002/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
Dato: 10.01.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	19.01.2012	002/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyre	-	-	-	Nei

### Saksvedlegg

- SM 01-12 Vedtak bystyresak 147/11 Kontrollutvalet – Budsjett 2012.
- SM 02-12 Rapport frå tilsyn med tvungen helsehjelp etter lov om pasientrettar kapittel 4A Flora kommune utarbeidd av Helsetilsynet i Sogn og Fjordane, datert 13.10.2011.
- SM 03-12 Fleire brev vedrørande tilkomstveg til museet.
- SM 04-12 Kontroll/tilsynsgebyr for avløpsanlegg;
  - e-post
  - bystyresak 130/06
  - Bygge-, frådelings- og utsleppssaker.
- SM 05-12 Protokoll styremøte i Grovastøylen AS.
- SM 06-12 E-post om jaktrett/skytebane samt avtalar om grunnavståing
- SM 07-12 Bystyrevedtak sak 118/11 sluttrapport prosjekt 78007 – Grunnerverv.
- SM 08-12 Bystyrevedtak sak 119/11 Sluttrapport prosjekt 77906 – Breiband.
- SM 09-12 Bystyrevedtak sak 120/11 Sluttrapport prosjekt 78562 – Grunntingingar skytebane/Fellesfjora.
- SM 10-12 Bystyrevedtak sak 121/11 Sluttrapport proejskt 79522 – Pumpestasjon Brandsøy.
- SM 11-12 Sluttrapport prosjekt 79552 - Hovudvassleidning i sjø frå Hovland til Eikefjord sentrum.
- SM 12-12 Brev frå KRYSS-revisjon til flora kommune om avslutning av årsrekneskapan for år 2011.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

## **SKRIV OG MELDINGAR**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

### **Saksopplysningar:**

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

Saksgang  
BystyretMøtedato  
13.12.2011Saksnr  
147/11Sakshandsamar:  
Linda Nipen AsphjellArkiv: K1-  
Objekt:Arkivsaknr  
11/2003**KONTROLLUTVALET - BUDSJETT 2012****Kva saka gjeld:**

Kontrollutvalet i Flora har i sak 066/11 tilrådd at budsjettet for kontroll og tilsyn vert spesifisert på eigne tenestenummer for revisjon, sekretariat og drift av kontrollutval. Kontrollutvalet har og tilrådd at det skal vere høve til å ta ut perioderapportar i 2012, og at budsjett for drift av kontrollutval vert sett til kr 100 000 i 2012.

**FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. Teneste for Kontroll og tilsyn med spesifikasjon for revisjon, sekretariat og drift av kontrollutval vert vidareført i 2012.
2. Budsjett for drift av kontrollutval utgjer kr 100 000 i 2012.
3. Kontrollutvalet skal ha høve til å hente ut perioderapportar i 2012.

**13.12.2011 BYSTYRET*****Røysting:***

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

**BYST-147/11 VEDTAK:**

1. Teneste for Kontroll og tilsyn med spesifikasjon for revisjon, sekretariat og drift av kontrollutval vert vidareført i 2012.
2. Budsjett for drift av kontrollutval utgjer kr 100 000 i 2012.
3. Kontrollutvalet skal ha høve til å hente ut perioderapportar i 2012.

Terje Heggheim  
rådmann

Linda Nipen Asphjell  
økonomisjef

## **Innleiing:**

Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 18 Budsjetthandlinga:  
*”Kontrollutvalget utarbeider forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Kontrollutvalgets forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følge formannskapet/kommunerådets eller fylkesutvalgets/fylkesrådets innstilling til kommunestyret eller fylkestinget. Der kommunen eller fylkeskommunen har en egen revisjon avgir revisjonen innstilling til kontrollutvalget om budsjett for revisjonen.”*

Kontrollutvalet i Flora har i sak 066/10 tilrådd at budsjettet for kontroll og tilsyn vert spesifisert på egne tenestenummer for revisjon, sekretariat og drift av kontrollutval. Kontrollutvalet har og tilrådd bruttobudsjett kr 100 000 vedteke på artsnivå for drift av kontrollutval. Vidare har kontrollutvalet tilrådd at dei skal ha høve til å hente ut perioderapportar i 2012.

## **Vurdering:**

Utgifter til Kryss-revisjon, Sekom-sekretariatet og kontrollutval vert rekneskapsført som egne deltenester under gruppeteneste Kontroll og tilsyn. Denne praksisen er i tråd med tilrådinga frå Kontrollutvalet, og vert vidareført i 2012.

## **Økonomiske konsekvensar:**

I rådmannen sitt utkast til budsjett 2012 er det sett av kr 100 000 til drift av Kontrollutvalet. Vidare er det i rådmannen sitt utkast til budsjett 2012 tatt høgde for at honorar til Kryss-revisjon aukar med kr 20 700 til kr 864 200 og at honorar til Sekom-sekretariatet utgjer kr 285 000.

## **Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**

Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner  
Lov om kommuner og fylkeskommuner (Kommuneloven)

## **Prenta vedlegg:**

Budsjett 2012, SEKOM-sekretariat

Budsjett 2012, Kontrollutval

Revisjonshonorar 2012, KRYSS-revisjon









**HELSETILSYNET**  
I SOGN OG FJORDANE

## **Rapport frå tilsyn med tvungen helsehjelp etter lov om pasientrettar kapittel 4A**

### **Flora kommune**

**Adressa til verksemda:** Postboks 13, 6901 FLORØ  
**Tidsrom for tilsynet:** 17.06.2011 – 13.10.2011  
**Kontaktperson i verksemda:** tenesteleiar Norunn Stavø

### **Samandrag**

Helsetilsynet i Sogn og Fjordane har gjennomført tilsyn med Flora kommune, Flora Omsorgssenter, 20. og 21.09.2011. Denne rapporten gjer greie for dei funn som blei avdekka på området for tilsynet.

Tilsynet vart gjennomført som systemrevisjon og gjaldt følgjande område:  
Helsehjelp gitt med tvang etter lov om pasientrettar kapittel 4A, til pasientar i sjukeheim.

Tilsynet skulle undersøke om Flora kommune:

- sikrar at motstand mot helsehjelp hos pasientar vert identifisert og at pasienten sin samtykkekompetanse vert vurdert
- sikrar at tillitsskapande tiltak vert forsøkt før tvungen helsehjelp vert gjennomført
- sikrar at det vert gjort helsefaglege vurderingar av om den aktuelle helsehjelpa kan gjennomførast med tvang

Tilsynet er ein del av eit landsomfattande tilsyn i 2011 som Statens helsetilsyn har teke initiativ til.

Det vart avdekka eitt avvik under tilsynet i Flora kommune.

**Avvik 1**

Flora kommune sikrar ikkje at motstand mot helsehjelp alltid blir identifisert, at samtykkekompetanse alltid vert vurdert hjå pasientar som motset seg helsehjelp, og om det kan bli gitt helsehjelp etter lov om pasientrettar kapittel 4A.

Detaljar om avviket og observasjonar går fram av kapittel 5 i rapporten.

Dato: 13.10.2011

Beate Tollefsen  
revisjonsleiar

Christoffer K. Boge  
revisor

# Innhald

<b>Samandrag</b> .....	<b>1</b>
<b>1. Innleiing</b> .....	<b>4</b>
<b>2. Omtale av verksemda - spesielle forhold</b> .....	<b>4</b>
<b>3. Gjennomføring</b> .....	<b>5</b>
<b>4. Kva tilsynet omfatta</b> .....	<b>5</b>
<b>5. Funn</b> .....	<b>5</b>
<b>6. Regelverk</b> .....	<b>6</b>
<b>7. Dokumentunderlag</b> .....	<b>6</b>
<b>8. Deltakarar ved tilsynet</b> .....	<b>8</b>

## 1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn i Flora kommune, Flora omsorgssenter, 20. og 21.09.2011. Tilsynet er ein del av eit landsomfattande tilsyn med kommunale helsetenester i 2011 og er eit av dei planlagde tilsyna som Helsetilsynet i Sogn og Fjordane gjennomfører i år.

Helsetilsynet i fylket sin heimel til å føre tilsyn følgjer av lov om statleg tilsyn med helsetenesta § 2.

Tilsynet blei utført som systemrevisjon. Dette inneber gransking av dokument, intervju og andre undersøkingar.

Formålet med systemrevisjonen er å vurdere om verksemda, gjennom internkontroll, tek hand om ulike krav i lovgivinga. Revisjonen omfattar å undersøkje:

- kva tiltak verksemda har for å avdekkje, rette opp og førebyggje brot på lovgivinga innanfor dei tema tilsynet omfattar
- om tiltaka blir følgde opp i praksis og om nødvendig korrigererte
- om tiltaka er gode nok for å sikre at lovgivinga blir følgd

Rapporten handlar om avvik som er avdekte under revisjonen og gir derfor ingen fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet verksemda har gjort innanfor dei områda som tilsynet omfatta.

- **Avvik** er krav som er gitt i eller i tråd med lov eller forskrift, som ikkje er oppfylte
- **Merknad** er forhold som ikkje er i strid med krav som er fastsett i eller i tråd med lov eller forskrift, men der tilsynslaget finn grunn til å påpeke betringspotensial.

## 2. Omtale av verksemda - spesielle forhold

Flora Omsorgssenter har 41 plassar fordelt på dementavdeling med 20 langtidsplassar og pleieavdeling med 21 langtidsplassar for somatiske pasientar. Tenesteleiar har det økonomiske, personalmessige og det sjukepleiefaglege ansvaret for omsorgssenteret, og rapporterer til kommunalsjefen. Det er avdelingsleiar på kvar av dei to avdelingane. Dei rapporterer til tenesteleiar. På kvar avdeling er det ein meiransvarleg sjukepleiar som skal vere stadfortredar for avdelingssjukepleiar. Tilsynslege er på omsorgssenteret kvar måndag frå kl. 0845-1245 og er utover dette tilgjengeleg på telefon til klokka 23 om kvelden. Tilsynslegen vert kontakta når det kan vere aktuelt å fatte vedtak etter lov om pasientrettar kapittel 4A. Han gjer helsefaglege vurderingar.

I perioden 01.01.09 til varsel om tilsyn 17.06.2011 har Helsetilsynet i Sogn og Fjordane mottatt kopi av åtte vedtak om helsehjelp gitt med tvang.

### 3. Gjennomføring

Systemrevisjonen omfatta følgjande:

Aktivitet	Dato	Kommentar
Melding om tilsyn	17.06.2011	
Opningsmøte	20.09.2011	
Intervju	20. og 21.09.2011	14 personar blei intervjuet
Sluttmøte	21.09.2011	

Oversikt over dokument som verksemda har sendt over i samband med tilsynet, er teke inn i kapitlet om dokumentunderlag

### 4. Kva tilsynet omfatta

Ved tilsynet har vi undersøkt om Flora kommune, Flora omsorgssenter, har styring og fører kontroll med at helsehjelp til pasientar som motset seg somatisk helsehjelp blir gitt i samsvar med krav i helselovgivinga. Vi undersøkte særskilt om kommunen sikrar at:

- motstand mot helsehjelp blir identifisert og at samtykkekompetansen til pasienten blir vurdert
- tillitsskapande tiltak blir prøvd før somatisk helsehjelp blir gitt med tvang
- det blir gjort helsefaglege vurderingar av om den aktuelle somatiske helsehjelpa kan gjennomførast med tvang

### 5. Funn

#### Avvik 1

Flora kommune sikrar ikkje at motstand mot helsehjelp alltid blir identifisert, at samtykkekompetanse alltid vert vurdert hjå pasientar som motset seg helsehjelp, og om det kan bli gitt helsehjelp etter lov om pasientrettar kapittel 4A.

Avvik frå følgjande myndigheitskrav:

- lov om pasientrettar § 4-1, jf. 4-3, § 4-6, § 4A-2 og § 4A-5 fjerde ledd
- kommunehelsetenestelova § 1-3a
- helsepersonellova § 16
- forskrift om pasientjournal § 8
- forskrift om internkontroll § 4

Avviket byggjer på følgjande:

- A. Tilsette på pleieavdelinga har ikkje ei felles forståing for kva som skal reknast som motstand mot helsehjelp, kvifor det er viktig å identifisere motstand og korleis dette skal gjerast for å kunne nytte kapittel 4A i lov om pasientrettar.
- B. Det er utarbeidd skriftlege rutinar for å sikre helsehjelp til pasientar som manglar samtykkekompetanse og som motsett seg helsehjelp. Identifisering av motstand er ikkje tema i desse retningslinene. Ikkje alle tilsette ved pleieavdelinga er kjende med kommunen sine rutinar.
- C. Dei tilsette på pleieavdelinga opplyste at det ikkje alltid vert journalført når pasientar motset seg helsehjelp. Pasienten sin samtykkekompetanse i høve helsehjelpa vert ikkje vurdert i desse situasjonane, og det vert ikkje vurdert å nytte lov om pasientrettar kapittel 4A.

- D. Det er uklar forståing på pleieavdelinga for kven som har mynde til og ansvar for å gjere vedtak etter lov om pasientrettar kapittel 4A. Dei tilsette har ulik forståing av kven som har ansvar for å vurdere pasienten sin samtykkekompetanse i høve helsehjelpa.
- E. Det er utarbeidd skriftlege rutinar for vurdering av samtykkekompetanse. Rutinane er ikkje kjende for alle tilsette på pleieavdelinga.
- F. Kommunen har eit system for å melde avvik. Det har ikkje vore meldt avvik på området som gjeld kapittel 4A. Det har vore situasjonar kor tilsette har vore usikre på om tiltak som er sett i verk skulle ha vore definert som tvang. Det er ikkje ei felles forståing for om slike hendingar skal meldast som avvik.
- G. Gjennom intervju gjekk det fram at det ved pleieavdelinga i nokre høve vert nytta tvang for å yte helsehjelp. Det vert ikkje fatta vedtak. Bruk av tvang vert heller ikkje meldt som avvik.
- H. Det har vore gjennomført opplæring i regelverk og kommunen sine rutinar for tvungen helsehjelp etter kapittel 4A i lov om pasientrettar. Leiinga har ikkje oversikt over om dei tilsette er kjende med regelverket eller dei nye rutinane som er utarbeidd.
- I. Det er ikkje gjennomført systematisk gjennomgang av tenestene for å identifisere område med fare for svikt.

## 6. Regelverk

- *Lov av 30. mars 1984 nr. 15 om statlig tilsyn med helsetjenesten*
- *Lov av 19. november 1982 nr. 66 om helsetjenesten i kommunene*
- *Lov av 2. juli 1999 nr. 63 om pasientrettigheter*
- *Lov av 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell m.v.*
- *Forskrift av 14. november 1988 for sykehjem og boform for heldøgns omsorg og pleie*
- *Forskrift av 21. desember 2000 nr. 1385 om pasientjournal*
- *Forskrift av 20. desember 2002 nr. 1731 om internkontroll i sosial- og helsetjenesten*
- *Forskrift av 27. juni 2003 nr. 792 om kvalitet i pleie- og omsorgstjenestene*
- *Forskrift av 12. november 2010 nr. 1426 om en verdig eldreomsorg*

## 7. Dokumentunderlag

Dokumentasjon frå verksemda knytt til den daglege drifta og andre viktige forhold, sendt over i samband med førebuing av tilsynet:

- Organisasjonskart
  - Omsorg, administrasjon, folkevalde organ
- Årsmelding 2010
- Oversikt over tilsette
  - Flora Omsorgssenter, avdeling 1 og 2
  - Furuhaugane omsorgssenter, korttids og langtidsavdeling
  - Stillingsomtalar/instruksar
  - Rutinar nattevakt
  - Rutinar primærkontakt
  - Rutinar ansvarsvakt
  - Oppgåver gruppeleiar
  - Rutinar opplæring ny medarbeidar
  - Rutinar legevisitt

- Rutinar med prøver
- Rutinar årleg legekonsultasjon; tannbehandling, fastsetting demensdiagnose
- Informasjonsfolder demensteamet
- Styrande dokument
  - Tenesteerklæring for omsorg
- Opplærings- og kompetanseplanar
  - Kompetanseplan 2011
  - Vidareutdanning per 20.07.2011
  - Undervisning til avdelingsleiarar i samtykkekompetansevurdering
- Andre relevante dokument i styringssystemet:
  - Omsorgsplan 2010-2015
  - Helseplan del 1 2011-2012
- Innhaldsoversikt over styringssystemet:
  - Innhaldsoversikt i kvalitetshandbok Flora Omsorgssenter og Furuhaugane omsorgssenter
  - Fellesdel kvalitetshandboka
  - Systemdel kvalitetshandboka
  - Presentasjon av kvalitetshandboka
- Skriftlege prosedyrar / rutinar for skriving av vedtak etter lov om pasientrettar kapittel 4A
  - Rutinar for vurdering av samtykkekompetanse
  - Rutinar for å sikre vedtak om helsehjelp...
  - Rutinar for demensdiagnostisering...
  - Rutinar for samhandling...
  - Prinsipp og kriterium for tildeling av omsorgstenester
  - Rutinekart for tildelingssaker
  - Saksførebuing
  - Tildelingsnemnd
  - Klageordning etter kommunehelsetenestelova og sosialtenestelova
  - Klageordning internt i kommunen

Dokumentasjon som blei gjennomgått under revisjonsbesøket:

- Handlingsprogram
- Kvalitetsperm
- Perm til vikarar og nyttilsette
- Inforperm og diverse info
- Ambulerande nattevakt
- Perm med referat frå diverse møter og kurs
- Perm med referat frå avdelingsmøter

20 journaler blei gjennomgått under tilsynet. Det vart gjennomført synfaring ved pleie- og demensavdelinga ved Flora Omsorgssenter.

Korrespondanse mellom verksemda og Helsetilsynet i Sogn og Fjordane:

- 17.06.2011, melding om tilsyn
- 04.08.2011, dokumentasjon til tilsynet
- 07.09.2011, utkast til program for tilsynet
- Diverse e-postar som omhandlar tilsynet (endring av program og praktiske opplysningar mm.).

## 8. Deltakarar ved tilsynet

Tabellen under gir ei oversikt over deltakarane på opnings- og sluttmøte, og over kven som blei intervjuet.

Namn	Funksjon / stilling	Opnings- møte	Intervju	Slutt- møte
Gunnar Frøland	kommunalsjef	x	x	x
Eivind Sandvik	sjukepleiar	x	x	
Ingrid Nilsen	hjelpepleiar	x	x	x
Rigmor Natvik	hjelpepleiar	x	x	x
Norunn Stavø	tenesteleiar	x	x	x
Robert Kalsvik	fagleiar/vernepleiar	x		x
Janne Berstad	sjukepleiar/avdelingsleiar	x	x	x
Margot Hansen	sjukepleiar/avdelingsleiar	x	x	x
Turid Haarr Wefring	sjukepleiar	x	x	
Hilde Husebø	sjukepleiar	x	x	x
Margunn Søyland	sjukepleiar	x	x	
Tove Hopen	sjukepleiar	x	x	x
Anne Britt Bjørneseth	hjelpepleiar		x	x
Laila Henriksen	hjelpepleiar		x	x
Anita Solvang	fagleiar			x
Trude Gulbransen	konsulent			x
Ronny Cassells	tilsynslege		x	x
Elisabeth Norman Leversund	konsulent			x

### Frå Helsetilsynet i Sogn og Fjordane deltok:

Anne Eli Wangen, revisor

Tom Debu Nesvåg, revisor

Christoffer K. Boge, revisor

Beate Tollefsen, revisjonsleiar







U

.

U

SMO3-12

F.L.C. FLORÅ KOMMUNE  
29 MARS 1978  
Arkiv nr. 504/41  
F 1 B 1

FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Flora kommune  
Formannskapet

6900 FLORØ

Sakshandsaming: Utbyggingsavdelinga  
Kontorstad: Leikanger  
Telefon: Leikanger 5311  
Postadresse: 5840. Hermansverk

Dykkar ref.

Vår ref. F-256/78 TN/as

Dato 21.03.78

REGULERINGSENDRING FOR KLEIVA - SOLDALEN OG SOLDALEN  
A OG B - AREAL TIL MUSEUM

Vi viser til ekspedisjon av 20. januar 1978 frå bygnings-  
sjefen.

Fylkesmannen har gått igjennom saksdokumenta, og finn  
etter dette ikkje å kunne stadfeste reguleringsendringa  
slik ho ligg føre.

Bakgrunnen for denne avgjerda er at vi meiner at  
hovudtilkomsten til området ikkje er løyst på ein  
tilfredsstillande måte. Slik planen er lagt opp vil  
trafikken verta ført inn på ein intern bustadveg som  
ikkje er dimensjonert for dette. Bustadområdet er ferdig  
utbygd, og ein føreset å nytte den eksisterande vegen  
som er opparbeidd med total breidd på 5 m inkludert  
veggrøfter. Det er ikkje fortau langs vegen. At-  
komsten frå den eksisterande bustadvegen til museums-  
området skal skje på ein 4 m brei veg. Atkomsten er  
ikkje utforma slik at bussar kan kome til på ein  
skikkeleg måte.

Det går fram av saksdokumenta at det og skal vera at-  
komst frå nord. Her sluttar vegen utan parkerings-  
plassar for dei som skal til museumsområdet.

Fylkesmannen meiner at atkomsten til museumsområdet  
ikkje er ordna på ein måte som stettar krava til  
trafikktryggleik.

Reguleringsframlegget har her vore drøfta med fylkes-  
konservator Svein Vold, som etter det vi forstår  
også finn at ein annan tilkomst vil kunne tene museums-  
området betre på noko sikt.

Kommunen bør difor få avklara andre løysingar for at-  
komsten til området.

Fylkesmannen vil vidare peike på at ein stiller seg  
noko tvilande til om museumsområdet samstundes kan  
fungere som offentleg friareal. Innan området vil det  
verte plassert bygningar og materiell av så stor  
verdi at det er sannsynleg med ei sterk avgrensing  
av bruken. Området må difor reknast som eit museums-  
område der ålmenne friluftssinteresser i lita mon kan  
stettast.

./.  
Dokumenta i saka vert returnert i det ein ber om at  
dei merknader som er nemnde ovanfor så lang som mogeleg  
vert innarbeidd i eit alternativt planframlegg.

Dersom kommunen ønskjer det, vil Utbyggingsavdelinga  
kunne delta på eit møte for å drøfte det vidare arbeidet  
med saka.

Etter fullmakt

  
Ragnar Høgelid  
plan- og utbyggingssejef

  
John A. Reisløien

Vedlegg

Kopi til fylkeskonservator Vold, 5880 KAUPANGER.

# RÖTHE & RÖTHE ANS

ADVOKATER M.N.A.

Avd. Førde:

Hafstaden, 46 (Haus-bygget), 6800 Førde Telefon 57 82 07 77 / 57 82 07 78  
Postboks 474 - 6801 Førde Telefax 57 82 07 90

Jøtvard Birkeland  
Brendøyvn. 27  
6900 Florø

Førde 06.11.98

## TILKOMSTVEG TIL KYSTMUSEET - MÖTE MED KOMMUNEN M.V.

De er vel no komen attende frå ferie og har samtalt med grannane. Eg legg ved kommunen sitt referat frå møtet som deltakarane fekk tilsendt.


Før møtet den 07.10.98 med kommunen hadde eg synfaring på staden saman med Bjarte Olsen, Magnus Liabø og Mathias Krogh. Møtet med kommunen var i og for seg konstruktivt. Pengemangelen i kommunen er eit problem, med omsyn til tidspunkt for framtidsretta varige løysingar. Ein fekk lovnad om utgreiing av tiltak på stutt sikt. Ein får sjå korleis teknisk etat fylgjer opp dei lovnadene som vart gjeve. Når det gjaldt tiltak på kort sikt vart det lova å fremje dette som eiga sak for plan- og miljøutvalet. De får øve press på teknisk sjef dersom han ikkje alt har byrja å utrede tiltaka. Jfr. lovnaden om at dette skulle gjerast i haust.

Eg sender vidare med faktura for det arbeidet som eg har utført til no. Gjennomgang av saka med møte med Dykk, gjennomgang av dokument, førebuing til møte i Florø, møte med andre interessentar og kommunen m.v. - tilsaman 9 timar. Eg sender med salærkrav på kr 7.200,- for dette. I tillegg kjem reisekostnader for møte i Florø med kr 345,-. Mitt samla krav vert såleis kr 7.545,-.

Fakturaen vert sendt til Dykk, sidan det var De som engasjerte meg. Om og korleis andre interessentar skal vere med å dekke rekninga, får De ta opp med dei det gjeld.

Ta kontakt om/når De treng eventuell oppfylgning frå meg.

Med helsing

  
Øystein Ørjaseter  
advokat

Kopi: Bjarte Olsen  
Magnus Liabø  
Mathias Krogh

Hovedkontor:  
Strandgt. 233, 5004 Bergen  
Postboks 1865 Nordnes, 5024 Bergen  
Telefon 55 55 02 40  
Telefax 55 55 02 39

Hovedkontor:  
Advokat - Reg. revisor Per Røthe  
Advokat - Kjerstin Røthe  
Adv. fullm. - Ulf Sæverud

Avd. Førde:  
Advokat - Øystein Ørjaseter  
Advokat - Andreas Rønnekleiv

Bank: Sparebanken S. & Fj.  
Bank giro: 3700.05.16210  
Klientkonto: 3700.07.12869  
Føretaksnr.: 955 255 607



## MØTEREFERAT

Referat frå: Teknisk sjef  
Møteleiar: Knut Svendsen  
Referent: Reidulf Refsnes

Motedato: 07.10.98  
Møtestadi: Teknisk etat  
Ref.dato: 07.10.98

Tid: 12.30  
Arkivsak: 9801938-I  
Arkivnr.: E: Q80

Deltakarar: Røthe & Røthe ANS w/adv Øystein Ørjaseter, Bjarte Olsen,  
Magnus Liaba, Mathias Krogh, Teknisk sjef Knut Svendsen FK, Drifts og anl.sjef Reidulf Refsnes  
FK

Fråvær:

Kopi til: Møtedeltakarane og Kystmuseet i Sogn og Fjordane

## TILKOMSTVEG TIL KYSTMUSEET

- 1.0 Teknisk sjef orienterte om dei økonomiske rammene som Flora kommune har på vegsektoren. Plan- og miljøutvalet har nyleg vedteke «Vegplan for Flora kommune». Denne planen skal vidare til Formannsskap og til Bystyret for endeleg vedtak. I henhold til denne planen vert det løyvd kr 200 000,- i år 2001 til å planlegge vegen, og kr 2 000 000,- i år 2002 til bygging. Løyvinga er liten og det er begrensa kva tiltak som kan gjennomførast innan denne ramma.
- 2.0 Adv. Ørjaseter orienterte om dei framnøtte bebuarane sitt syn på tilkomstveg til Kystmuseet. Adkomstveg til museet er over Kleiva i fylgje tidlegare vedtak. Brendøyvegen skulle ikkje få auke i trafikk p.g.a. museet. Brendøyvegen kan kun nyttast til museet for teknisk trafikk. Idag vert Brendøyvegen i hovudsak nytta som tilkomstveg, og dette medfører trafikkfare og auke i miljøbelastninga i område. Det vert kravd at Flora kommune set i verk tiltak både på kort og på lang sikt. Tiltak i form av trafikregulering ved hjelp av trafikkskilt må settast i verk.
- 3.0 Teknisk sjef vil i haust utrede kva tiltak som kan vere aktuelle på kort sikt, og framje dette i eiga sak for Plan- og miljøutvalet. I saksframlegget skal det takast med historikk som viser kva vedtak som er fatta i samband med museet. Saka skal ut på høyring til bydelsutvala på Kleiva og i Brendøyvegen samt til Kystmuseet. Teknisk sjef vil understreke at informasjon til transportarane om kva veg som skal nyttast er svært viktig. Kystmuseet, Turistinformasjonskontor og hotella samt andre overnattings verksemdar er i denne samanheng viktige aktorar.

Reidulf Refsnes  
Drifts- og anleggssjef



Bydelsutvalet på Kleiva  
v/ Dina Stub  
Kleiva 17  
6900 Florø

Bjarte Olsen  
Brendøyvegen 25  
6900 Florø

Vår ref.:  
9801938-5/E: Q80/ASBF

Dykkar ref.:

Florø, 18. desember 1998


### TILKOMSTVEG TIL KYSTMUSEET - BYDELSUTVALG


Plan- og miljøutvalet har i sak 160/98 handsama «Tilkomsveg til Kystmuseet på kort sikt». Som det går fram av sakspapir og vedlegg skal hovudtilkomsveg til museet være over Kleiva med parkeringsplass inst i Keilevågen (Båtevika). Dette skal gjelde til Flora kommune har planlagt og bygd ny tilkomsveg til kystmuseet.

Vi ber om uttale frå bebuarane i Brendøyvegen og på Kleiva om dykkar syn på dette. Hovudtrafikken av besøkande til museet vil då gå over Kleiva til parkeringsplassen i Båtevika og som omtalt i saka føre til auka trafikkbelastning på denne vegen, og betra forhold for Brendøyvegen, til det er bygd ny veg.

Vi ber om at dette vert handsama og om tilbakemelding innan 01.02.98

Med helsing

  
Reidulf Refsnes  
Drifts- og anl.sjef

  
Asbjørn Forland  
Avd. ing.

Kopi til: Røthe & Røthe v/ adv. Øystein Ørjasæter  
Kystmuseet i Sogn og Fjordane

Vedlegg: Sak 160/98 med vedlegg til saka og brev av 04.12.98 med vedlegg frå adv. Røthe og Røthe.





Vedl 5

JENFAR

## FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

5840 HERMANSVERK  
TELEFON 67 65 50 00 - TELEFAKS 67 65 50 55 - TELEKS 42156Flora kommune  
Postboks 13  
6901 FLORØ

Dyktar ref.

Vår ref. 4101/94/HN/716.3

Dato: 04.08.94

FLORA KOMMUNE - KLAGE OVER VEDTAK OM BYGGELØYVE FOR  
"SNORRE ANKER" - SAK 33/94

Vi viser til dokumenta og vedtaka i saka.

Teknisk utval gjorde 10.2.94, sak nr 33, vedtak om å gje løyve til fylling og oppføring av utstillingsbygg på gnr. 28/675 på vilkår. I skriv dagsett 9.3.94 klagar Jetvard Birkeland og Bjarie Olsen v/adv. Jan C. Dyngen på vedtaket. I klaga var det og sett fram krav om usetjande verknad, jf. forvaltningslova § 42. Spørsmålet om klaga skulle gjevast usetjande verknad vart handsama av bygningssjefen 16.3.94, utan at kravet vart innfridd. Dette vart stadfesta av fylkesmannen 18. mars 94. Klaga vart vidare handsama av teknisk utval i møte 3.5.94. Teknisk utval fann ikkje grunnlag til å gjere om det opphavelige vedtaket.

## Fylkesmannen sine merknader:

Det omsøkte tiltaket er no i hovudsak gjennomført. Det vart og presisert i telefonsamtale i mars d.å. med ein av klagarane at spørsmåla kring bygginga av "Snorre Anker" ikkje var det vesentlege i saka, men at anleggstrafikken no var ein utløysande faktor for å ta opp att tilhøva kring trafikken til museumsområdet. Fylkesmannen går etter dette ikkje nærare inn på spørsmåla kring plasseringa av og byggeløyvet til "Snorre Anker".

Det som vert halde fram frå klagarane som vesentleg er trafikktilhøva i området. Brendøyvegen var frå bustadfeltet vart utbygt kring 1970 utan gjennomgangstrafikk, men mellom Birkeland og Olsen sine tomtar var det regulert inn ein "korridor" som gjorde det mogeleg å kome til eit friområde, utan at det var lagt tilrette for biltrafikk. Når det seinare kom planar om bygging av eit museum på friområdet vart det i 1977/78 gjennomført ei reguleringsendring som opna for bilveg gjennom den nemnde korridoren. Planen vart etter ei omfattande klagehandsaming stadfesta. Vidare vart spørsmålet handsama i samband med reisinga av museumsbygningane kring 1983. All trafikk i samband med bygginga gjekk gjennom Brendøyvegen.

Fylkesmannen fann i 1978 først ikkje å kunne stadfeste reguleringsplanen m.a. fordi ein fann tilkøyrsla over intern bustadveg uheldig. Planen vart seinare stadfesta (brev av 7.8.78) etter at kommunen hadde gjort nærare greie for tilkomstilhøva. Det vart då slege fast at tilkomsten gjennom Brendøyvegen korkje var tiltenkt eller dimensjonert som hovudtilkomst, men at derne skulle kome frå nord over Kleiva til parkeringsplass ved Keilevågen. Noko av trafikken til museet "(ein del teknisk trafikk/besøk av enkeltpersonar/smågrupper)" måtte kome først via Brendøyvegen utan at det endra trafikkkvaliteten i området. Det var og skissert andre alternativ for tilkomst slik at det skulle vere fleire moglege løysingar dersom drifta av museet førde til uløyper/problem i framtida.

Den føreliggande saka tyder på at trafikktilhøva ikkje er uproblematisk i området. Den nemnde parkeringsplassen ved Keilevågen ligg relativt langt frå museet. Etter det fylkesmannen forstår er begge tilkomstane skilte med reservasjonar og det kan vere rimelig at dette fører til ein ikkje uvesentleg trafikk gjennom Brendøyvegen til den parkeringsplassen som ligg tett ved anlegget. Det må vel og reknast med at trafikken vil auke i samband med at "Snorre Auker" no vert etablert. Med så sterke avgrensingar som var lagt på av avkøyringa i Brendøyvegen i den stadfesta reguleringsplanen, burde den utvida bruken vere handsama av kommunen som vegstyremakt, jf. pbl. § 66.

Som nemnt har ikkje fylkesmannen funne å gå nærare inn på spørsmåla kring byggeløyvet til "Snorre Auker". Delvis kjem det av at mykje av arbeidet er utført. Vidare har ein merka seg at kommunen har kunnegjort oppstart av reguleringsplanarbeid med sikte på etablering av permanent hovudtilkomst til museet. Fylkesmannen føreser at dette vert gjennomført snarast råd er. Det vil då verte høve til å kome attende til dei spørsmåla som er vesentlege for klagarane i reguleringsprosessen.

Klagarane har ut frå dette ikkje fått medhald i klaga. Som det går fram ovanfor er det fleire grunnar til dette og etter fylkesmannen si vurdering var det god grunn til å reise klaga. Etter forvaltningslova § 36, andre ledd, kan ein part likevel få tilkjent dekning for kostnader dersom dette vert funne rimelig. Fylkesmannen meiner det ligg føre særlege grunnar i denne saka, og klagarane kan sende oppgåve til kommunen over kostnadane sine. Dersom kommunen ikkje godtek kravet vert kravet å sende til fylkesmannen for avgjerd.

Steinar Velle  
ass.fylkesmann

Henry Neverdal  
funng.avdelingssjef  
Tlf. 57 65 51 23

Gjenpart: Adv. Jan C. Dyngen, PB. 471, 6801 FLORØ



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Vedl. 6  
KOPI

Flora kommune  
6900 Florø

Dykkar ref.

Vår ref.  
4587/95/716.3/SB

Hørmansvart  
14.06.95, 387

### FLORA KOMMUNE - SPØRSMÅL OM PERMANENT HOVDUTILKOMST TIL KYSTMUSEET

Fylkesmannen handsama 04.08.94 klagesak om byggjeløyve for "Snorre Anker", jfr. vedlagt kopi av fylkesmannen sitt vedtak. På s. 2 i brevet peika vi på dei problematiske trafikktilhøva i området, og i nest siste avsnitt på denne sida sa vi mellom anna følgjande:

"Vidare har ein merka seg at kommunen har kunnegjort oppstart av reguleringsplanarbeid med sikte på etablering av permanent hovdutilkomst til museet. Fylkesmannen føreset at dette vert gjennomført snarast råd er."

Fylkesmannen har no motteke brev dagsett 31.05.95 frå Jetvard Birkeland og Bjarte Olsen, som skriv at lite synest gjort frå kommunen til no for å betre tilhøva. Kopi av brevet ligg ved.

Fylkesmannen minner om saka og ber kommunen gjere det som er mogeleg for å løyse trafikkproblema.

Oddvar Fløte

Svein Bjerkeng  
avdelingssjef  
tlf. 57 65 51 24

Vedlegg: Fylkesmannen sitt vedtak ds. 04.08.94 og  
brev ds. 31.05.95 frå Jetvard Birkeland og Bjarte Olsen

Kopi: Jetvard Birkeland, Brendøyv. 27, 6900 Florø  
Bjarte Olsen, , Brendøyv. 25, 6900 Florø

Adresse  
Tinghuset, Skrivervegen 3  
Postboks 37  
5840 HERMANNSVERK

Telefon  
57 65 50 00  
Telefaks  
57 65 50 55

Landbruksavdelinga  
Høstladyegen 40  
Postboks 14  
6501 FØRDE

Telefon  
57 72 32 00  
Telefaks  
57 62 12 05



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Vedl. 7

KOPI

Flora kommune

6900 FLORØ

Dykkar ref.

Vår ref.  
1997/03950-2/421.51/SB

Hermansverk  
22.08.97

### FLORA KOMMUNE - SPØRSMÅL OM PERMANENT HOVUDTILKOMST TIL KYSTMUSEET

Vi viser til tidlegare brev om saka, sist ved vårt brev dagsett 23.05.96, som vi ikkje har fått svar på.

Vedlagt følger kopi av brev dagsett 01.06.97 som Jetvard Birkeland har sendt hit om saka, og der det går fram at kommunen framleis ikkje har gjort noko med permanent hovudtilkomst til Kystmuseet.

Fylkesmannen ber innan 12.09.97 opplyst korleis saka no står og kva løysing kommunen ser på det spørsmålet som er teke opp.

Med helsing

Jostein Fondenes  
assisterande fylkesmann

Svein Bjerkeng  
avdelingssjef  
tlf. 57 65 51 24

Vedlegg: Kopi av brev ds. 01.06.97 frå Jetvard Birkeland

Kopi: Jetvard Birkeland, Brendøyv. 27, 6900 Florø  
Bjarte Olsen, Brendøyv. 25, 6900 Florø

Adresse  
Tinghuset, Skivårvegen 3  
Postboks 37  
5840 HERMANSVERK  
Epost: X=00; S=Postmottak; O=fr=sl; P=dep; A=telemax; C=no

Telefon  
57 85 50 00  
Telefaks  
57 65 50 55

Landbruksavdelinga  
Halstadvegen 45  
Postboks 14  
6801 FØRDE  
Internett: Postmottak@fr=sl.no.telemax.no

Telefon  
57 72 32 00  
Telefaks  
57 82 12 05



Vedl. 8

# FLORA KOMMUNE

TEKNISK ETAT  
Markegata 51

5701 FLORA  
Postboks 13

Telefon 57 74 98 10  
Telefax 57 74 06 56

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
Postb. 37

5840 HERMANSVERK

Dykkar ref.

Vår ref.

Dato: 12.08.97

57/97/3141/CS5

## NY HOVEDTILKOMST TIL KRSUMSEET - FLORA KOMMUNE

Viser til Dykkar brev av 22.08.97 vedkomande denne saka.

I kommunen sin noverande handlingsplan er det avsett kr. 200.000,- til planlegging i 1998 og kr. 2.000.000,- til utførelse av dette prosjektet i 1999.

I samband med overordna arealplanlegging er kommundelplan for området under revisjon. I planframlegget som no har vore til høyring og vil bli slutthandsama i løpet av innverande år er trasevalet for tilkomstvegen avgrensa til to aktuelle alternativ - gjennom Brendøyvegen eller gjennom Austvikvegen. Desse alternativa skal så etter handlingsplanen detaljutførelse nærare i 1998 før endeleg traseval vert vedtaka og traseen vert regulert.

ommun -  
nær  
slik behandle


På grunn av store kommunale investeringar i åra framover, er det grunn til å anta at prosjektet kan bli vurdert flytta ut i tid. Slike mogelege endringar i handlingsplanen vert årleg teke opp til politisk handsaming i samband med budsjettbehandlninga.

Med helsing

Knut Svendsen  
Tekn. sjef

Steinar Fjernes  
Byggesjef

Kopi: Jetvard Birkeland, Brendøyvn. 27  
Bjarte Olsen, Brendøyvn. 25













**Tveit Asgeir**

**Fra:** Haukås Inger <Inger.Haukas@flora.kommune.no> på vegne av post <post@flora.kommune.no>  
**Sendt:** 6. januar 2012 13:13  
**Til:** Tveit Asgeir  
**Emne:** SV: Kontroll/tilsynsgebyr for avløpsanlegg  
**Vedlegg:** 104933\_1\_A.pdf

Her kjem bystyresaka ☺

Vennleg helsing Inger E Haukås  
 Post/arkivtenesta

---

**Fra:** Tveit Asgeir [<mailto:Asgeir.Tveit@sekom.no>]  
**Sendt:** 6. januar 2012 08:45  
**Til:** Postmottak  
**Kopi:** 'reidulf.refsnest@flora.kommune'  
**Emne:** Kontroll/tilsynsgebyr for avløpsanlegg

Ji har prøvd å hente nedanfor nemnde sak frå heimesida dykkar, men har ikkje lukkast med det. Vi ber om å få saka tilsendt pr. e-post.

Med helsing

Asgeir Tveit



**SEKOM-sekretariatet**

Sekretariat for det kommunale kontrollutvalget i Andvål, Østanger, CMA, Fjell, Flom, Fucell, Glauv, Heggheim, Høne, Høyem, Høyem, Jaktretten, Kjøpstad, Kjøpstad, Kjøpstad og Østanger

e-post: [asgeir.tveit@sekom.no](mailto:asgeir.tveit@sekom.no)  
 Heimeside: [www.sekom.no](http://www.sekom.no)  
 Postboks 338, 6802 FØRDE  
 Tlf: 57 82 22 90  
 Mob: 976 15 363  
 Faks: 57 72 20 10

---

**Fra:** Refsnest Reidulf [<mailto:Reidulf.Refsnes@flora.kommune.no>]  
**Sendt:** 19. desember 2011 14:50  
**Til:** Tveit Asgeir  
**Kopi:** Førde Terje; Heggheim Terje  
**Emne:** SV: Jaktretten til Flora kommune

Hei !

Kontrollutvalet hadde og eit spørsmål om kontroll/tilsynsgebyr for avløpsanlegg. Dette er omhandla i arkivsaknr.06/1285, sak 130/06 i Bystyret den 12.12.2006, samt i Budsjett og handlingsplan for 2011, kap. gebyr. Kan du legge Bystyresaka ved som prenta vedlegg ved neste utsending til utvalet ? Saka gjev fullverdig informasjon i høve til spørsmålet.

Helsing  
 Reidulf Refsnest

## Tveit Asgeir

---

**Fra:** Furelid Gunnar <Gunnar.Furelid@flora.kommune.no>  
**Sendt:** 6. januar 2012 14:44  
**Til:** Tveit Asgeir  
**Emne:** gebyr kontroll avløp  
**Vedlegg:** GEBYRREGULATIV+2012+samla.pdf; BYSTYREVEDTAK TILSYN AVLØP.doc

Hei  
Miljøverndepartementet har bestemt at det skall føras kontroll/ tilsyn med mindre avløpsanlegg i kommunane.

Innføring av kontroll-/ tilsynsgebyr for avløpsanlegg (sjå vedlegg) var vedtatt i bystyret 12.12.2006,

Du finner kontroll avløpsanlegg, årleg gebyr, pr bustad/ fritidsbustad kr 106,- under punkt 18 i vedlegget, og dette vart fakturert første gong i fjerde kvartal 2011.

Flora kommune starta opp med kontroll av avløpsanlegg november 2010.

I 2011 er 87 anlegg blitt kontrollert og 69 saker er ferdigbehandla, og 19 pålegg om utbetring er ikkje ferdig enno.

Alle bustader/ fritidsbustader med innlagt vatten har eit privat anlegg. Det er også privat fram til tilknytingspunkt for kommunal avløpsleidning.

I Miljø Service sin årsrapport slamtømming 2010 er talet på avskiljarar med manglar i Flora kommune 146. Kommunen får og inn ein del meldingar om akutt forureining.

[GEBYRREGULATIV+2012+samla.pdf](#)

[BYSTYREVEDTAK TILSYN AVLØP.doc](#) Gunnar Furelid

Saksbehandlar avløp

Flora kommune, Plan og Samfunn  
tel. 57 75 60 20



Ta miljøomsyn - vurder om du verkeleg må skrive ut denne eposten!



Formannskapet	28.11.2006	161/06
Plan- og Miljøutvalet	28.11.2006	044/06
Bystyret	12.12.2006	130/06
<b>Sakshandsamar:</b> Toralf Otnes	<b>Arkiv:</b> K2-24, K3-&58 <b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr</b> 06/1285

## **INNFØRING AV KONTROLL-/TILSYNSGEBYR FOR AVLØPSANLEGG**

### **Kva saka gjeld:**

Ny ureiningsforskrift §11 - 4 gir kommunen heimel til å fastsette forskrift om innkreving av gebyr for kommunal kontroll av avløpsanlegg etter ureiningsforskrifta kapittel 12 og 13. I samband med det nye ureiningsregelverket kan kommunen få dels auka og dels endra ansvar i høve til sakshandsaming og kontroll av sanitære avløp. I saka rår Rådmannen til at det i samband med budsjett/handlingsprogram vert lagt til grunn å innføre eit systematisk tilsynsarbeid slik forskrifta legg opp til og at dette vert finansiert gjennom innføring av eit årleg kontroll/tilsynsgebyr. Sjølve

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Flora kommune etablerer eit systematisk tilsyn av avløpsanlegg slik det går fram av saka. Tilsynet skal finansierast gjennom innføring av eit årleg kontroll/tilsynsgebyr basert på avløpsanleggets storleik målt i pe. Sjølvkostprinsippet, jf ureiningslova §52a, skal leggest til grunn.

Ordninga vert innført frå 01.01.2007. Gebyret skal for 2007 settast til 12 kr/pe, men med ein minstesats på 50 kr/avløpsanlegg og skal innarbeidast i, og vedtakast saman med kommunens øvrige gebyrregulativ.

For den del av kommunen der kommunens mynde ikkje er endeleg avklara, skal praktisk arbeid og innkreving av gebyret avvente til slik avklaring er på plass

### **28.11.2006 FORMANNSKAPET**

#### ***Røysting:***

Tilrådinga vart vedteken mot 3 røyster.

### **FORM-161/06 VEDTAK:**

Flora kommune etablerer eit systematisk tilsyn av avløpsanlegg slik det går fram av saka. Tilsynet skal finansierast gjennom innføring av eit årleg kontroll/tilsynsgebyr basert på avløpsanleggets storleik målt i pe. Sjølvkostprinsippet, jf ureiningslova §52a, skal leggest til grunn.

Ordninga vert innført frå 01.01.2007. Gebyret skal for 2007 settast til 12 kr/pe, men med ein minstesats på 50 kr/avløpsanlegg og skal innarbeidast i, og vedtakast saman med kommunens øvrige gebyrregulativ.

For den del av kommunen der kommunens mynde ikkje er endeleg avklara, skal praktisk arbeid og innkreving av gebyret avvente til slik avklaring er på plass

## **12.12.2006 BYSTYRET**

### ***Framlegg:***

#### **Fellesframlegg frå Lars Terje Standal,AP og Hallgeir Helland,H:**

1. avsnitt vert pkt.1
2. avsnitt i tilrådinga vert endra slik:
  2. Ordninga vert innført frå 01.01.2007. Gebyret skal vedtakast saman med kommunens øvrige gebyrregulativ.
  3. avsnitt i tilrådinga vert pkt.3.

### ***Røysting:***

Framlegget frå Standal og Helland vart samrøystes vedteke.

### **BYST-130/06 VEDTAK:**

1. Flora kommune etablerer eit systematisk tilsyn av avløpsanlegg slik det går fram av saka. Tilsynet skal finansierast gjennom innføring av eit årleg kontroll/tilsynsgebyr basert på avløpsanleggets storleik målt i pe. Sjølvkostprinsippet, jf ureiningslova §52a, skal leggest til grunn.
2. Ordninga vert innført frå 01.01.2007. Gebyret skal vedtakast saman med kommunens øvrige gebyrregulativ.

- 
3. For den del av kommunen der kommunens mynde ikkje er endeleg avklara, skal praktisk arbeid og innkreving av gebyret avvente til slik avklaring er på plass

gebyrvedtaket vert knytt opp til handsaminga av gebyrregulativet.

## **28.11.2006 PLAN- OG MILJØUTVALET**

**Røysting:**

Rådmannen si tilråding vart vedteken mot 2 –to- røyster.

**PMUV-044/06 VEDTAK:**

Flora kommune etablerer eit systematisk tilsyn av avløpsanlegg slik det går fram av saka. Tilsynet skal finansierast gjennom innføring av eit årleg kontroll/tilsynsgebyr basert på avløpsanleggets storleik målt i pe. Sjølvkostprinsippet, jf ureiningslova §52a, skal leggest til grunn.

Ordninga vert innført frå 01.01.2007. Gebyret skal for 2007 settast til 12 kr/pe, men med ein minstesats på 50 kr/avløpsanlegg og skal innarbeidast i, og vedtakast saman med kommunens øvrige gebyrregulativ.

For den del av kommunen der kommunens mynde ikkje er endeleg avklara, skal praktisk arbeid og innkreving av gebyret avvente til slik avklaring er på plass

Fredrik W. Gulbranson  
Rådmann

Knut Svendsen  
Bygnings- og reguleringsjef

### **Innleiing:**

Ny ureiningsforskrift §11 - 4 gir kommunen heimel til å fastsette forskrift om innkreving av gebyr for kommunal kontroll av avløpsanlegg etter ureiningsforskrifta kapittel 12 og 13. I samband med det nye ureiningsregelverket kan kommunen få dels auka og dels endra ansvar i høve til sakshandsaming og kontroll av sanitære avløp. Saka handlar om kommunen skal innføre eit systematisk tilsynsarbeid slik forskrifta legg opp til og dekke utgiftene til dette arbeidet med eit gebyr slik forskrifta heimlar.

### **Nye avløpsdel i ureiningsforskrifta**

Frå 01.01.2007 trer ny avløpsdel (del 4, kap. 11 – 16) i kraft. Etter dei nye reglane vil kommunen vere ureiningsmynde for utsleppsanlegg som er mindre enn 50 pe (kap. 12) og for anløpsanlegg i tettstader som er mindre enn 2000 pe når utslepp går til ferskvatn, og tettstader mindre enn 10000 pe når utslepp går til sjø (kap. 13). Når det gjeld området Florelandet/Brandsøy så har tettstaden utslepp over 10000 pe til sjø. Det er imidlertid slik at dersom utsleppa frå ein slik tettstad over 10000 pe går til 2 ulike uavhengige resipientar vil tettstaden kome under reglane i kap.13, dvs under kommunal mynde. Fylkesmannen avgjer etter søknad frå anleggseigar om Solheimsfjorden mot sør og Norddalsfjorden mot nord er to slike uavhengige resipientar. Denne avgjerda er ikkje berre viktig for avklaring av kven som er ureiningsmynde men og kva reinsekrav som vert stillt. Spørsmålet er difor også ei premissavgjerd for vass- og avløpsplanen som kommunen som anleggseigar utarbeider. Saka her bygger på at det er sansynleg at Solheimsfjorden og Norddalsfjorden vert vurdert som to separate resipientar og at Flora kommune med det vert ureiningsmynde for alle sanitære avløp i kommunen. Jamfør også vurdering i eiga sak om vass- og avløpsplanen.

### **Vurdering:**

#### **Organisering – oppgåve og rollefordeling**

Kommunen har som følge av avløpsdelen i ureiningsforskrifta ei rekkje roller og er i fleire tilfelle både ureiningsmynde og ureinar. For å unngå rollesamanblanding deler ein oppgåvene mellom teneste for teknisk drift og prosjektleiing som tek seg av driftsoppgåvene, og ressurs- og arealforvaltning som tek seg av utøving av mynde, dvs søknadshandsaming og tilsyn. Eit slik skilje er viktig å oppretthalde for at innbyggjarane skal ha tillit til kommunen som mynde. Rollesamanblanding må ikkje føre til at kommunen favoriserer seg sjølv, slik at miljøet blir den tapande part eller at privatpersonar og bedrifter vert utsett for usakleg og ulik handsaming i høve kommunens eigne anlegg.

Flora kommune tek i dag sakshandsamingsgebyr for handsaming av søknader om utsleppsløyve innanfor det regelverket som gjeld i dag. Denne ordninga vert vidareført i gebyrregulativet justert for nytt regelverk. Saka vidare her handlar om kontroll/tilsynsgebyr.

#### **Kva er tilsyn**

Som det kjem fram over er/blir kommunen ureiningsmynde for avløpssektoren kva gjeld sanitære utslepp. Det framgår av ureiningslova §48 at ureiningsmynde skal:

- føre tilsyn med den einskilde ureiningskjelda og med ureiningsssituasjonen generelt innan sitt myndeområde
- gjennom råd, rettleiing og opplysning arbeide for å motverke ureiningar og sjå til at reglane i lova, forskrifter og enkeltvedtak vert følgd.

Tilsynsmynde kan skaffe seg informasjon på ulike måtar

- Enkeltopplysningar som vert gjeve av den einskilde verksemd (brev,tlf)
- Årsrapportar eller liknande frå avløpsanlegg der dette vert kravd i utsleppsløyve
- Rapportar frå pålagt resipientundersøking, vassprøvetaking etc.
Under 19 år	Kr		180
Over 19 år	Kr		360

Prisane gjeld for heil bane pr. time, fordelt på idrettslag og private leigetakarar. Aldersinndelinga gjeld når meir enn 50% av gruppa er innanfor gjeldande inndeling.

#### Arrangement/turnering/stemne

Kunstgras	Kr	1500
Naturgras	Kr	2000
Friidrettsstadion/Florø	Kr	3000
Florahallen	kr	3500

Prisane gjeld arrangement i regi av idrettslag, og leigeforhold inntil 7,5 time. Andre leigeforhold og kommersielle arrangement etter avtale. Arrangement som strekk seg ut over ordinære opningstider; kr 520 pr påbegynte time.

Leige av kunstgras/naturgras og friidrettsstadion inkluderer tilgang til garderobe i Florahallen. Særleg tilrettelegging etter avtale.











**Protokoll :** Styremøte i Grovastøylen AS  
**Stad :** Quality Hotell  
**Tid :**

**Til Stades :** Lars Terje Standal, Hallgeir Helland, John Ulriksen, Georg Johansen, Jan-Magne Fylkesnes, Ingrid Kassen, Brynjar Svardal, Magnus Frøyen

**Ikkje møtt :**

**Sak 22/11 : Referat frå arbeid i prosjekteringsgruppa**

Gruppa har hatt 2 møte sidan forrige styremøte og Jan-Magne gjekk gjennom arbeidet som har vore gjort i gruppa. Dette er godt oppsumert i arbeidgruppa sitt møtereferat som fylgjer vedlagt.

Jan Magne har og fått tilbud frå Skanska om at dei kan stå som ansvarleg utførande for baneutbygginga og at ein kan få kjøpt materialar frå dei til deira innkjøpspris + 10 %.

Styreleiar og dagleg leiar får fullmakt til å inngå avtale med Skanska om dette. Samrøystes.

**Sak 23 /11 : Tal skiver på 100 og 200 m bane**

I høve storleiken på skytebanene så er det i reg. planen teke utgangspkt i 15 skiver på kvar av desse banen. Det har tidlegare uformelt vore diskutert ei omfordeling av dette med 16 på 200 m og 14 på 100 m. Ei argument for dette har vore at i høve elektronikklysingar høver det best med partal.

Bruk av containarar til skivearrangement synest no som den mest naturlege løysinga. Storleiken på dei aktuelle containarane gjev plass til 8 skiver i kvar. Det mest rasjonelle vil då vere 16 skiver på kvar av banene.

Dersom areal planert til standplass og frisktsoner m.v. tillet det vil ein byggje med 16 skiver på kvar av banene og startar prosjekteringa utifrå dette. Samrøystes.

**Sak 24/11: Referat frå arbeid i finansieringsgruppa**

Lars Terje orienterte om arbeidet som har vore gjort i gruppa. GAS har i dag eit lån i SSF på kr 1.250.000 som vart teke opp for å finansiere flyttinga av bygget frå Flora vidaregåande skule til Grovastøylen.

Dette er teke opp med "låsing" av kr 625:000 av aksjekapitalen som sikring for rentebetaling. For å redusere rentekostnadane ynskjer ein å få løyst opp "låsinga" og heller nytte aksjekapitalen til nedbetaling av lånet.

Ein har vore i banken og forhandla om dette og det har no kome eit tilbud frå banken om at kr 400.000 av dei midlane som har vore låst kan nyttast til nedbetaling. Ein arbeider og med å søkje om kommunal forskottering av spelemidlane og vil søkje om dette snarleg.

LarsTerje Standal  
Styreleiar

Jan-Magne Fylkesnes  
styremedlem

John Ulriksen  
styremedlem

Hallgeir Helland  
Styremedlem

Ingrid Kassen  
styremedlem

Georg Johansen  
styremedlem

**MØTEREFERAT - PROSJEKTERING**

<b>Prosjekt:</b> Grovestøylen	<b>Type møte:</b> Prosjekteringsmøte	<b>Møte nr.:</b> 2
----------------------------------	---	-----------------------

<b>Møtedato:</b> 13.12.11	<b>Tid:</b> 1800	<b>Sted:</b> Strandgata 15	<b>Referent:</b> JMF	<b>Ref.dato:</b> 14.12.11	<b>Neste møte:</b> 10.01.12
------------------------------	---------------------	-------------------------------	-------------------------	------------------------------	--------------------------------

Person/firma:	Fork:	Innkalt til dette	Tilstede på møtet	Innkalt til neste	Referat sendt til:	E-mail-adresse
Magnus Frøyen	MF	X	X	X	X	<a href="mailto:Magnus.frøyen@flora.kommune.no">Magnus.frøyen@flora.kommune.no</a>
Jon Ulriksen	JU	X	X	X	X	<a href="mailto:joulriks@online.no">joulriks@online.no</a>
Roy Pedersen	RP	X	X	X	X	<a href="mailto:roy357m@hotmail.com">roy357m@hotmail.com</a>
Georg Johansen	GJ	X	X	X	X	<a href="mailto:georgjoh@gmail.com">georgjoh@gmail.com</a>
Oddvar Endestad	OE	X		X	X	<a href="mailto:oddvarendestad@hotmail.com">oddvarendestad@hotmail.com</a>
Jan-Magne Fylkesnes	JMF	X	X	X	X	<a href="mailto:Jan-magne.fylkesnes@skanska.no">Jan-magne.fylkesnes@skanska.no</a>
Lars Terje Standal	LTS			X	X	<a href="mailto:lars.terje.standal@incgruppen.no">lars.terje.standal@incgruppen.no</a>

Punkt	Referat konklusjon	Ansvarlig	Frist
01	<b>KARTGRUNNLAG:</b>  Magnus har skaffet tilveie reguleringskart med euref koordinater slik at vi kan få målt inn og masseberegnet området. Dette ligger nå på PC en for utskrivning	MF	OK
02	<b>OPPMÅLING:</b>  Magnus engasjerer Peter Løland til å sette ut koordinatene for de standplasser og skytefelt, samt lage et topografikart for beregning av massebalanse i området for å få oversikt over behovet for å sprengre eller tilføre masser. Dette bør gjøres så raskt som mulig slik at vi får bunnetert området før vi har teleproblem. Løland prøver å gjøre det denne uken.	MF	16.12.11

03	<p><b>100-200meter</b></p> <p>Jon og Oddvar har ansvar for å fremskaffe grunnlagsmateriell og regelverk for å bygge standplassbygg og etablere skytefelt. De ser på alternativ med plassbygd anvisergrav og skivevoll kontra containerløsning. Dette er spesielt rettet opp mot vedlikehold og levetid på de elektroniske skivene.</p> <p>Alternativ kan være å kjøpe brukte containere og få et firma til å lage heisjiggene. Jon ser nærmere på dette og hva vi kan spare</p> <p><b>Dette vil også gjelde pistolbana og viltmålbanen.</b></p>	<p>JU-OE</p> <p>JU</p>	<p>OK</p> <p>Neste møte</p>
04	<p><b>Pistol-viltmål-leirdue:</b></p> <p>Roy og Georg har hatt ansvar for å fremskaffe grunnlagsmateriell og regelverk for å bygge standplassbygg og etablere skytefelt på ovenforstående baner.</p> <p>Tegninger er gjennomgått og det må gjøres noen endringer på byggene før det kan innhentes priser.</p> <p>Roy sender over tegningsgrunnlag til JMF</p>	<p>RP-GJ</p> <p>RP</p>	<p>OK</p> <p>snarest</p>
05	<p><b>SKYTTERHUSET:</b></p> <p>Jan-Magne har ansvar for å se på kostnader og løsninger ifbm. skytterhuset.</p> <p>Det er spesielt viktig å få dette på plass for å få inn søknaden for tippemidler fristen er her 15 januar.</p> <p>Magnus har sendt over søknadsgrunnlaget vi har pr. dato.</p>	<p>JMF</p>	<p>pågår</p>
06	<p><b>Strøm:</b></p> <p>Kravet fra SFE på anleggskostnader for å fremføre strøm bør sees på i sammenheng med at motorsportsbanen etableres i samme område.</p> <p>Vi ser det som naturlig at kostnadene med å fremføre strøm til området må deles på de respektive fremtidige brukere av området.</p> <p>Dette bør tas opp med Flora kommune for å avdekke om det er andre brukere som er tiltenkt å etablere seg i samme område.</p>	<p>Lars Terje Standal</p>	<p>snarest</p>
07	<p><b>Anleggskostnader:</b></p> <p>Det er viktig at vi tar en gjennomgang på materialbehov</p> <p>Totalt på alle bygg slik at vi får opp volumet for å optimalisere innkjøpene for å få prisene ned.</p> <p>Dette gjelder også kostnadene med byggearbeidene</p> <p>Slik at vi får en økonomisk ramme på prosjektet slik at vi kan knytte den opp mot en fremdriftsplan og innkjøpsplan.</p> <p><b>Z-norm.</b></p> <p>Alle bygg skal bygges etter Z-normen.</p>	<p>ALLE</p>	<p>pågår</p>
08	<p><b>Ansvarsrett.</b></p> <p>Magnus sjekker ut om gjeldende ansvarsrett er gjeldende. Hvis ikke må vi få ny ansvarsrett på plass og gjøre ferdig søknader for resterende anlegg.</p> <p>Det må tas et møte med Steinar Furnes slik at vi får avklart at vi kan bygge etter gamle forskrifter.</p>	<p>MF-JMF</p>	<p>Uavklart</p>

09	<b>Øvingsbane Politi:</b> Det er avklart størrelse og omfang på øvelsesbanen politiet har behov for. Det er kalkulert at kostnader med å lage bane som passer til politiets formål vil medføre kr 350 000.- i ekstrautgifter, Vi finner det derfor naturlig at før vi jobber videre med dette, må det inngåes en langsiktig avtale med politiet som betjener disse ekstrakostnadene. Dette er noe styret i grovastøylen må ta stilling til. Prosjektgruppa avventer på tilbakemelding.	RP-GJ	Neste møte
10	<b>Standplass leirdue</b> Det er kommet opp ønske fra jeger og fisk at det skal være mulig å oppgradere dette bygget. Til å kunne brukes til flere funksjoner. Dette er noe som må taes opp i styret for grovastøylen. Men som et tiltak i denne fasen prosjekteres bakvegg opp til å tekle en eventuell påbygging.	RP-GJ-JMF	Neste møte
11	<b>Standplass viltmål</b> Vinkelen på skytebåser må endres for å optimalisere skytevinkel som en følge av plassering av støpt plate. Det må sees på Høyde opp under takoppbygg og avstand inn til vei slik at dette ikke lager problem med store biler som skal forbi.	RP-GJ	Neste møte
12	<b>Standplass 100-200m</b> Tegningsgrunnlag fra DFS er klart og vi tar kontakt med Hareide for å få tegnet plan og fasader for byggemelding.	JMF-JU	Neste møte
13	<b>Viltmålbanen</b> Viltmålbanen må forlenges til ca 45m total lengde. Vi ser det som rett å satse på container som har plass til faste skiver, elgbanetrekk og aggregat. Dette er noe som vil redusere vedlikeholdskostnadene. Høyde standplass og skivevoll må være lik.	RP-GJ	uavklart
14	<b>Skogshogst</b> Det er kommet spørsmål fra han som hogger der og vi har konkludert med at han fortsetter hogging og fremvinsjing. Magnus sjekker opp hva det koster å kjøpe fli samt hvilket utstyr vi kan få på plass for eventuell flising på plassen.	MF	Neste møte

§ 6-27. *Inhabilitet*

(1) Et styremedlem må ikke delta i behandlingen eller avgjørelsen av spørsmål som har slik særlig betydning for egen del eller for noen nærstående at medlemmet må anses for å ha fremtredende personlig eller økonomisk særinteresse i saken. Det samme gjelder for daglig leder.

(2) Et styremedlem eller daglig leder må heller ikke delta i en sak om lån eller annen kreditt til seg selv eller om sikkerhetsstillelse for egen gjeld.









SM 06-12

## Tveit Asgeir

---

**Fra:** Refsnes Reidulf <Reidulf.Refsnes@flora.kommune.no>  
**Sendt:** 11. januar 2012 11:21  
**Til:** Tveit Asgeir  
**Kopi:** Heggheim Terje  
**Emne:** SV: Jaktretten til Flora kommune  
**Vedlegg:** 20120111105402361.pdf

Hei !

Vedlagt vert oversendt :

-Avtale om grunnavståing til skytebane på Grov mellom Flora kommune og Brynhild Løken datert 29.06.2005.

-Avtale mellom Statskog og Flora kommune datert 23.06.2005.

Som det går fram av avtale med Løken i punkt 4, så sikrar Flora kommune GBNR 83/2 jaktleige på 10 år på teig nr. 4 – Lendinga – frå GBNR 83/3 og finansierer dette.

Helsing  
Reidulf Refsnes

---

**Fra:** Tveit Asgeir [<mailto:Asgeir.Tveit@sekom.no>]  
**Sendt:** 15. desember 2011 12:24  
**Til:** Refsnes Reidulf  
**Emne:** VS: Jaktretten til Flora kommune

---

**Fra:** Tveit Asgeir  
**Sendt:** 15. desember 2011 10:57  
**Til:** 'postmottak@flora.kommune.no'  
**Kopi:** 'reiulf.refsnas@flora.kommune.no'; 'terje.heggheim@flora.kommune.no'  
**Emne:** Jaktretten til Flora kommune

I kontrollutvalsmøte 08.12.2011 under sak 080/11 "Eventuelt" orienterte tenesteleiar Reiulf Refsnes om jaktretten til Flora kommune. Refsnes opplyset at han vil kome med ei skritleg orientering til neste møte. Kontrollutvalet ber etter dette om at det vert lagt fram ei skriftleg orientering til kontrollutvalet om jaktrettane til Flora kommune til neste møte i kontrollutvalet. Neste møte i kontrollutvalet i Flora er tidfesta til 19. januar 2012.

Med helsing

Asgeir Tveit



e-post: [asgeir.tveit@sekom.no](mailto:asgeir.tveit@sekom.no)  
Heimeside: [www.sekom.no](http://www.sekom.no)  
Postboks 338, 6802 FØRDE  
Tlf: 57 82 22 90  
Mob: 976 15 363  
Faks: 57 72 20 10

**AVTALE OM GRUNNAVSTÅING  
TIL  
SKYTEBANE PÅ GROV**

Eigar av Gbnr. 83/2, Brynhild Runa Ingunn Løken, overdrar til Flora kommune areal frå Gbnr. 83/2 avsett til skytebane vist i reguleringsplan, vedteke i sak 187/04 i Flora bystyre. Arealet skal være fritt for pengeheftelser.

Overdraginga skjer på følgjande vilkår:

1. Gbnr. 83/2 overtar vederlagsfritt teig nr.3 – Djupedalen frå Gbnr. 83/3
2. Gbnr. 83/2 får forkjepsrett på areal avsett til skytebane
3. Gbnr. 83/2 beheld jaktretten på området avsett til skytebane
4. Flora kommune sikrar Gbnr 83/2 jaktleige på 10 år på teig nr.4 – Lendinga – frå Gbnr 83/3 og finansierer dette.
5. Gbnr. 83/2 får bruksrett til vegen gjennom skytebanefeltet.
6. Vegen gjennom skytebanefeltet skal avsluttast slik at ein kjem ut i skogsterrenget og evt. kan gå vidare austover med skogsveg.
7. Gbnr. 83/2 beheld beiteretten i området avsett til skytebane. Ansvar for eventuelt inngjerding av skytebanefeltet ligg på utbygger/brukar av skyteanlegget.
8. Vegen til skyteanlegget må kunne stengast for uvedkommande.
9. Alle kostnader med tinglysing, oppmåling, administrative kostnader som følgje av kjøp og sal av eigedom gjeldande saka, vert å betale av Flora kommune.
10. Som vedlegg til avtalen skal det ligge kopi av:
  - Kjøpekontrakt mellom Statskog SF og Flora kommune som ivaretek pkt. 1 og 4 i avtalen.
  - Dokument som syner politisk godkjenning av avtalen

GROV 29.06.05  
.....  
Sted, dato

*Lars Vegje Stordal*  
.....  
Flora kommune

FLORA KOMMUNE

Grov 29.06.2005  
.....  
Sted, dato

*Brynhild Løken*  
.....  
Brynhild Runa Ingunn Løken

## KJØPEKONTRAKT

Statskog SF selger til: *Flora kommune*

adresse: *Postboks 13, 6901 Florø*

org.nr.: 935 473 578

to parseller på til sammen ca. 997 daa av eiendommen Grov statskog, gnr. 83 bnr. 3 i Flora kommune i Sogn og Fjordane fylke (teig nr. 3 Djupedalén med 974 daa og 23 daa av teig nr. 4 Lendinga, jfr. kartutsnitt vedlagt denne kontrakt), for kr. 980.000.

på følgende vilkår:

1. Kjøperen betaler kontant kr. 980.000 mot skjøte fritt for pengeheftelser. Skjøte vil ikke bli utstedt før kjøpesummen i sin helhet er betalt.
2. Kjøpesummen er fastsatt pr. (jfr. pkt 1) Skjer oppgjør etter denne dato, beregnes forsinkelsesrente etter forsinkelsesloven av 17. desember 1976 nr. 100.
3. Kjøperen tiltrer eiendommen etter at kjøpesummen i sin helhet er betalt og skjøte er utstedt, men ikke før nødvendig konsesjon er gitt. Fra samme tid overtar kjøperen de offentlige plikter og krav som følger av eiendommen.
4. I tilfelle konsesjonsplikt, er kontrakten betinget av at kjøperen søker om konsesjon som fastsatt i konsesjonsloven eller bestemmelser gitt i medhold av loven. Selgeren kan uten erstatning til kjøperen tre tilbake fra denne kontrakt dersom nødvendig konsesjon blir nektet. Det samme gjelder dersom delingstillatelse ikke blir gitt.

5. Dokumentavgift, tinglysningsgebyr, gebyr til delingsforretning og saksbehandlingsgebyr samt andre gebyrer eller utgifter i anledning overdragelsen bæres av kjøper.

6. Forlanger kjøper eller senere eiere parsellen Inngjerdet, bekoster de det selv.

7. Kjøpesummen omfatter også 10 års jaktrett på resterende del av Grov statsskog, gnr. 83 bnr. 3 i Flora kommune.

Særvilkår:

Sted, dato

Statskog SF

Som selger:


*Flora 23. juni 2005*

Sted, dato

Som kjøper

*[Signature]*  
FLORA KOMMUNE

rådmann







○

○



SM 07-12



FLORA  
KOMMUNE

---

Saksgang	Møtedato	Saksnr
Prosjektkomiteen	07.09.2011	032/11
Kontrollutvalet	27.10.2011	067/11
Formannskapet	15.11.2011	105/11
Bystyret	06.12.2011	118/11
Bystyret		

**Sakshandsamar:**  
Hanne Anette Flugre

**Arkiv:** K1-216, K1-611, **Arkivsaknr**  
K3-&50 11/1111

## **SLUTTRAPPORT PROSJEKT 78007 - GRUNNERVERV**

### **Kva saka gjeld:**

Kostnader i samband med ekspropriering av gnr. 27, bnr. 47 i Flora kommune.

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. Sluttrapport og rekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Mindreforbruket på kr 165.832,- vert overført til prosjekt 78562 Grunntingingar skytebane/fellesfjæra.

### **07.09.2011 PROSJEKTKOMITEEN**

#### ***Røysting:***

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **PRKO-032/11 VEDTAK:**

1. Sluttrapport og rekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Mindreforbruket på kr 165.832,- vert overført til prosjekt 78562 Grunntingingar skytebane/fellesfjæra.

### **15.11.2011 FORMANNSKAPET**

#### ***Røysting:***

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

**FORM-105/11 VEDTAK:**

1. Sluttrapport og rekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Mindreforbruket på kr 165.832,- vert overført til prosjekt 78562 Grunntingingar skytebane/fellesfjóra.

**06.12.2011 BYSTYRET**

***Røysting:***

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

**BYST-118/11 VEDTAK:**

1. Sluttrapport og rekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Mindreforbruket på kr 165.832,- vert overført til prosjekt 78562 Grunntingingar skytebane/fellesfjóra.

Terje Heggheim  
Rådmann

Reidulf Refsnes  
Tenesteleiar

**Innleiing:**

Flora kommune eksproprierte den del av gnr.27 bnr.47 i Flora kommune som i reguleringsplan for Stranda, vedteke 12.12.1995, vart avsett til H1, S1, veg 1 og buffersone

- Arealet grensar i sør mot Strandavegen, i vest mot gnr. 27 bnr.76 og i aust mot gnr.27 bnr.8.
- Eventuelle strandrettar vart og omfatta av ekspropriasjonsvedtaket.

Føremålet med reguleringsplanen for Stranda var:

1. Å sikre kontrollert og heilskapelig utvikling i planområdet.
2. Å leggje til rette for at serviceverksemdar i området kan oppretthaldast og utviklast, og at nye verksemdar med behov for tilknytning til hamnefunksjonar kan leggjast til området.
3. Å sikre ei god utnytting av dei sentrumsnære byggeareala.
4. Å betre trafikktilhøva og sikre fotgjengarar.
5. Å sikre busetjing i og nær sentrumsområdet.

**Vurdering:**

Føremålet med erverv av grunn frå gnr.27 bnr 47 i Flora kommune var å realisere reguleringsplan for Stranda.

Tingingar om ei frivillig avtale førte ikkje fram.

Ekspropriering av gnr.27, bnr.47 i Flora kommune vart vedteke i Bystyresak 174/04 den 15.12.2004.

**Økonomiske konsekvensar:**

Totale kostnader i prosjektet er på kr.1.927.293,-.

Det er inntektsført sal av fast eigedom og overføring frå særbedrifter med kr.1.653.125,-. Netto kostnader på prosjektet vert då kr.274.168,-. Godkjend økonomisk ramme for prosjektet er kr.440.000,- Prosjektet har såleis eit mindreforbruk på kr.165.832,- i forhold til budsjettet. Netto prosjektkostnader er i si heilheit lånefinansiert.

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:****Prenta/uprenta vedlegg:**

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
1	U	16.06.2011	Kryssrevisjon Ytre Sogn og Sunnfjord	Prosjekt 78007 - Grunnerverv	
2	I	28.06.2011	Kryss-revisjon	Førebels revisjonsuttale - sluttrapport/ -rekneskap for prosjekt 78007 - Grunnerverv	
4	I	29.09.2011	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Revisjonsuttale - Sluttrekneskap og sluttrapport Prosjekt nr 78007 - Grunnerverv	
5	I	28.10.2011	SEKOM-sekretariat	067/11 Prosjektrekneskap - Sluttrekneskap og sluttrapport - prosjekt nr 78007 - Grunnerverv	

**Utskrift til:**

- Kryss Revisjon
- Kontrollutvalet



Saksgang	Møtedato	Saksnr
Prosjektkomiteen	07.09.2011	031/11
Kontrollutvalet	27.10.2011	068/11
Formannskapet	15.11.2011	106/11
Bystyret	06.12.2011	119/11

**Sakshandsamar:**  
Hanne Anette Flugre

**Arkiv:** K1-216, K1-064 **Arkivsaknr**  
**Objekt:** 11/1100

## SLUTTRAPPORT PROSJEKT 77906 - BREIBAND

### **Kva saka gjeld:**

Prosjektplan for utbygging av breiband i Flora kommune.

Av mindreforbruket på kr 1.538.762,51 er det tidlegare i Bystyresak 169/09 disponert kr 1.200.000 til prosjekt 77916 Utbygging mobilnett.

Det vert tilrådd at resterande beløp på kr 338.762,51 vert overført til same prosjekt.

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. Sluttrapport og rekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Udisponert kr 338.762,51 vert overført til prosjekt 77916 Utbygging mobilnett.

### **07.09.2011 PROSJEKTKOMITEEN**

#### ***Røysting:***

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **PRKO-031/11 VEDTAK:**

1. Sluttrapport og rekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Udisponert kr 338.762,51 vert overført til prosjekt 77916 Utbygging mobilnett.

### **15.11.2011 FORMANNSKAPET**

#### ***Røysting:***

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

**FORM-106/11 VEDTAK:**

1. Sluttrapport og rekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Udisponert kr 338.762,51 vert overført til prosjekt 77916 Utbygging mobilnett.

**06.12.2011 BYSTYRET**

***Røysting:***

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

**BYST-119/11 VEDTAK:**

1. Sluttrapport og rekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Udisponert kr 338.762,51 vert overført til prosjekt 77916 Utbygging mobilnett.

Terje Heggheim  
Rådmann

Reidulf Refsnes  
Tenesteleiar



## **Innleiing:**

Hovudmålsetjinga for prosjektet var:

”Breiband for alle i Flora” med underpunkt:

1. **Næringsperspektivet** – tilrettelegging for at næringslivet kan drive verksemd frå distrikta.
2. **Sivilperspektivet** – tilrettelegging av oppkopling for private kundar i distrikta.
3. **Det offentlege perspektivet** – legge til rette for at kommunale og andre offentlege tenester kan levere gode tenester i framtida.

### **Steg 1:**

Å sikre innbyggjarane og næringslivet tilgang til breibandstenester er ein viktig del av samfunnsutviklinga i Flora. Breiband kan no sidestillast med annan naudsynt infrastruktur for å oppretthalde næringsutvikling og busetting. Kommunane er blitt ein viktig og naudsynt aktør i breibandsutbygginga i Noreg.

I 2004 var berre sentrumsområda i Flora utbygd.

Utan breiband i 2004 var:

- 3000 innbyggjarar
- 9 skular på barnesteget
- 2 ungdomskular
- 40-50 verksemdar

breibandsutbygging som omfatta heile kommunen ville ha følgjande positiv effekt:

- verksemdar som har signalisert eit snarleg behov for breibandtilgang vil få dette dekkja
- Flora som omstillingskommune vil lettare kunne utvikle nye arbeidsplassar
- Satsinga på reiseliv i distrikta vil lettare kunne gjennomførast
- Naudsynt ved satsing på næringsliv
- Skulesatsinga i distrikta kan vidareførast (virtuell læring)
- Kommunen kan gjennomføre nettbasert kommunikasjon med alle innbyggjarane

Det var særst viktig for Flora kommune at heile kommunen innan kort tid hadde tilgang til breiband.

### **Steg 2 og 3:**

Målet i denne fasen var ”å lukke breibandsgapet” i Flora kommune ved å gjennomføre infrastrukturutbygging til dei bygdelaga som sto att utan breibandstilbod, og val av utbyggjar.

- Flora kommune har gjennom fellessøknad saman med dei andre kommunane i Sogn og Fjordane fått tilskot frå Høykom til utbygginga av breiband til dei abonnentar som hittil ikkje har fått tilbod om dette. Søknaden vart innvilga med om lag 40% dekning frå Høykom. I tillegg gikk Sogn og Fjordane fylkeskommune inn med prosjektmidlar tilsvarande om lag 10% av totalkostnaden i prosjektet.
- Det var open konkurranse slik at prosedyren er ei ”eintrinnsmodell”, der tilbydar skal levere dokumentasjon for oppfylte kvalifikasjonskrav, samstundes med innlevering av tilbodet.
- Konkurransen vart utlyst i Doffin.
- Ut frå ei totalvurdering av tilboda tilrådde rådmannen i prosjektkomiteen 25.03.2008, å inngå kontrakt med Direct Connect AS.

- for restutbygging av breiband i Flora kommune.
- Tilbodet som vart vald låg innanfor avsett ramme i investeringsbudsjettet, samt tilskot frå Høykom.

#### **Vurdering:**

##### **Kommentar til steg 1:**

Ved steg 1. vart alle sentralane i kommunen bygd ut slik at abonnentar fekk tilbod om breiband, via kopparline mot sentralane. Ei samla utbygging av alle sentralane gav etter kommunane si vurdering eit lågare krav på anleggstilskot, enn ei utbygging av sentralane fordelt i fleire byggetrinn. Kontraktspart var Telenor.

##### **Kommentar til steg 2 og 3:**

Ved steg 2 og 3. Har det skjedd ei samla utbygging, der dei abonnentane med for stor avstand til sentral, eller for låg kapasitet i kopparnett, har fått tilbod om breiband via radioline Kontraktspart var Direct Connect AS.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Prosjektet hadde ein total kostnad på kr.7.528.237,49. Inntektsførde tilskot på prosjektet er kr.1.717.000,- slik at nettokostnader er bokført med kr.5.811.237,49. Godkjend økonomisk ramme for prosjektet er kr.7.350.000,-. Prosjektet har såleis eit mindreforbruk på kr.1.538.762,51 i forhold til budsjettet.

#### **Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**

##### **Prenta/uprenta vedlegg:**

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
2	I	17.03.2011	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Førebels revisjonsuttale - sluttrapport/ - rekneskap for prosjekt 77906 - Breiband	
1	U	16.06.2011	Kryssrevisjon Ytre Sogn og Sunnfjord	Prosjekt 77906 - Breiband	
4	I	29.09.2011	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Revisjonsuttale - Sluttrekneskap og sluttrapport Prosjekt nr 77906 Breiband	
5	I	28.10.2011	SEKOM-sekretariat	068/11 Prosjektrekneskap - Sluttrekneskap og sluttrapport - prosjekt nr 77906 Breiband	

##### **Utskrift til:**

- Kryss Revisjon
- Kontrollutvalet

SM09-12



FLORA  
KOMMUNE

Saksgang	Møtedato	Saksnr
Prosjektkomiteen	07.09.2011	033/11
Kontrollutvalet	27.10.2011	069/11
Formannskapet	15.11.2011	107/11
Bystyret	06.12.2011	120/11
Bystyret		

Sakshandsamar:  
Hanne Anette Flugre

Arkiv: K1-216, K1-611, Arkivsaksnr  
K3-&50 11/1107

## SLUTTRAPPORT PROSJEKT 78562 - GRUNNTINGINGAR SKYTEBANE / FELLESFJØRA

### Kva saka gjeld:

Prosjekt 78562 Grunntingingar skytebane/fellesfjØra omhandlar kostnader i samband med forhandlingar og grunnkjØp av areal til realisering av skytebane pØ GrovastØylen

### FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Sluttrapport og rekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Meirforbruket pØ kr 259.831,54 vert finansiert slik :  
Prosjekt 78562 vert styrka med mindreforbruket frØ prosjekt 78007 Grunnerhverv, kr 165.832,-  
RestbelØpet pØ kr 93.999,54 vert Ø finansiere ved lØneopptak.

07.09.2011 PROSJEKTKOMITEEN

### RØyting:

RØdmannen si tilrØding vart samrØystes vedteken.

### PRKO-033/11 VEDTAK:

1. Sluttrapport og rekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Meirforbruket pØ kr 259.831,54 vert finansiert slik :  
Prosjekt 78562 vert styrka med mindreforbruket frØ prosjekt 78007 Grunnerhverv, kr 165.832,-  
RestbelØpet pØ kr 93.999,54 vert Ø finansiere ved lØneopptak.

## 15.11.2011 FORMANNSKAPET

### *Røysting:*

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

### **FORM-107/11 VEDTAK:**

1. Sluttrapport og rekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Meirforbruket på kr 259.831,54 vert finansiert slik :  
Prosjekt 78562 vert styrka med mindreforbruket frå prosjekt 78007 Grunnerherv, kr 165.832,-  
Restbeløpet på kr 93.999,54 vert å finansiere ved låneopptak.

## 06.12.2011 BYSTYRET

### *Røysting:*

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

### **BYST-120/11 VEDTAK:**

1. Sluttrapport og rekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Meirforbruket på kr 259.831,54 vert finansiert slik :  
Prosjekt 78562 vert styrka med mindreforbruket frå prosjekt 78007 Grunnerherv, kr 165.832,-  
Restbeløpet på kr 93.999,54 vert å finansiere ved låneopptak.

Terje Heggheim  
Rådmann

Reidulf Refsnes  
tenesteleiar

**Innleiing:**

I medhald av Plan- og Bygningslova § 27-1, vart det igangsatt reguleringsarbeid for eit framtidig felles skytebaneanlegg. Aktuelt område var gnr.83, bnr.2 og 3, ved Grovastøylen på Grov.

Det skulle etablerast eit felles skytebaneanlegg for rifle og vilt, samt adkomstveg, parkering og skyttarhus.

Det vart underskreve kjøpekontrakt mellom Flora kommune som kjøpar og Statskog som seljar den 28.06.2005.

Kjøpesummen vart satt til kr.980.000,-.

Kjøpesummen omfatta og 10 års jaktrett på resterande del av Grov statsskog (588 daa).

**Vurdering:****Økonomiske konsekvensar:**

Prosjektet har ein totalkostnad på kr.1.429.831,54. Godkjent økonomisk ramme for prosjektet er kr.1.170.000,-. Prosjektet har såleis eit meirforbruk på kr.259.831,54 i forhold til budsjettet.

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:****Prenta/uprenta vedlegg:**

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
1	U	16.06.2011	Kryssrevisjon Ytre Sogn og Sunnfjord	Prosjekt 78562 - Grunntingingar skytebane / Fellesfjora	
2	I	27.06.2011	Kryss-revisjon	Førebels revisjonsuttale - sluttrapport/ -rekneskap for prosjekt 78562 - Grunntingingar skytebane / Fellesfjora	
4	I	29.09.2011	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Revisjonsuttale - Sluttrekneskap og sluttrapport Prosjekt nr 78562 Grunntingingar skytebane / Fellesfjora	
5	I	28.10.2011	SEKOM-sekretariat	069/11 Prosjektrekneskap - Sluttrekneskap og sluttrapport - prosjekt nr 78562 Grunntingingar skytebane/Fellesfjora	

**Utskrift til:**

- Kryss Revisjon
- Kontrollutvalet



Saksgang	Møtedato	Saksnr
Prosjektkomiteen	07.09.2011	034/11
Kontrollutvalet	27.10.2011	070/11
Formannskapet	15.11.2011	108/11
Bystyret	06.12.2011	121/11

Sakshandsamar:  
Hanne Anette Flugre

Arkiv: K1-216, K2-M15 Arkivsaknr  
Objekt: 11/1092

## SLUTTRAPPORT PROSJEKT 79522 - PUMPESTASJON BRANDSØY

### Kva saka gjeld:

Bygging av 3 pumpestasjonar for kloakk på Solheim som skal føre kloakken til Brandsøy.

### FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Sluttrapport og rekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Meirforbruket vert finansiert slik :  
Prosjekt 79522 vert styrka med kr 259.180,12.  
Prosjekt 79546 Hovudplan Avløp vert redusert med kr 259.180,12.

### 07.09.2011 PROSJEKTKOMITEEN

#### *Røysting:*

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### PRKO-034/11 VEDTAK:

1. Sluttrapport og rekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Meirforbruket vert finansiert slik :  
Prosjekt 79522 vert styrka med kr 259.180,12.  
Prosjekt 79546 Hovudplan Avløp vert redusert med kr 259.180,12.

### 15.11.2011 FORMANNSKAPET

#### *Røysting:*

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

**FORM-108/11 VEDTAK:**

1. Sluttrapport og rekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Meirforbruket vert finansiert slik :  
Prosjekt 79522 vert styrka med kr 259.180,12.  
Prosjekt 79546 Hovudplan Avløp vert redusert med kr 259.180,12.

**06.12.2011 BYSTYRET**

***Røysting:***

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

**BYST-121/11 VEDTAK:**

1. Sluttrapport og rekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Meirforbruket vert finansiert slik :  
Prosjekt 79522 vert styrka med kr 259.180,12.  
Prosjekt 79546 Hovudplan Avløp vert redusert med kr 259.180,12.

Terje Heggheim  
Rådmann

Reidulf Refsnes  
Tenesteleiar

**Innleing:**

Prosjektet omhandlar bygging av 3 pumpestasjonar for kloakk på Solheim som skal føre kloakken til Brandsøy. Der er det tidlegare bygd ein slamavskiljar på 250 m3 og avlaupsleidning som fører ut i Solheimsfjorden på 50 m dybde.

Hovudvassleidning for kloakk ligg i Fv. 293 og vart bygd samstundes med at hovudvassleidning vart lagt fram til Brandsøy.

Tiltaket er i samsvar med Hovudplan for avløp 2007-2015, vedteken i Bystyret 20.06.2007, sak 057/07.

Pumpestasjonane vart plassert slik:

1. PS1: Pumpestasjon Solheim
2. PS2: Pumpestasjon Plassen
3. PS3: Pumpestasjon Slettevoll

**Vurdering:**

Hjellnes Consult AS har planlagt anlegget og utarbeidd konkurransegrunnlaget. Konkurransen vart var kunngjort i Firda og Firdaposten samt i Doffin-basen.

Frist for å levere tilbod var fredag 22.08.2008, kl.12.00.

4 Entreprenørar bad om å få tilsendt konkurransegrunnlaget. Entreprenørane var på førehand prekvalifiserte.

Av desse var det 3 som leverte inn tilbod: Trygve Ullaland  
Audun Ramsdal  
Rørleggerservice AS

Magne Hafstad AS valte å ikkje levere tilbod på dette prosjektet.

Tildelinga skjedde på grunnlag av kva tilbod som var det mest økonomisk fordelaktige, basert på fylgjande kriteriar:

- Pris.
- Kvalitet.
- Leverings- og ferdigstillingsfrist.
- Oppdragsforståelse.

Kriteria er ikkje oppstilt i prioritert rekkefølge..

**Økonomiske konsekvensar:**

Prosjektet har ein total kostnad på kr.6.359.180,12. Godkjent økonomisk ramme for prosjektet er kr.6.100.000,-. Prosjektet har såleis eit meirforbruk på kr.259.180,12 i forhold til budsjettet. Prosjektet er i si heilheit lånefinansiert.

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**



**Prenta/uprenta vedlegg:**

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
1	U	15.06.2011	Kryssrevisjon Ytre Sogn og Sunnfjord	Prosjekt 79522 - Pumpestasjonar Brandsøy	
2	I	16.06.2011	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Førebels revisjonsuttale - sluttrapport/ - rekneskap for prosjekt 79522 - Pumpestasjonar Brandsøy	
4	I	29.09.2011	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Revisjonsuttale - Sluttrekneskap og sluttrapport Prosjekt nr 79522 - Pumpestasjon Brandsøy	
5	I	28.10.2011	SEKOM-sekretariat	070/11 Prosjektrekneskap - Sluttrekneskap og sluttrapport - prosjekt nr 79522 Pumpestasjon Brandsøy	

**Utskrift til:**

- Kryss Revisjon
- Kontrollutvalet



Saksgang	Møtedato	Saksnr
Prosjektkomiteen	07.09.2011	035/11
Kontrollutvalet	27.10.2011	071/11
Formannskapet	15.11.2011	109/11
Bystyret	06.12.2011	122/11

Sakshandsamar:  
Reidulf Refsnes

Arkiv: K1-216, K2-M21 Arkivsaknr  
Objekt: 11/1113

## SLUTTRAPPORT PROSJEKT 79552 - HOVUDVASSLEIDNING I SJØ FRÅ HOVLAND TIL EIKEFJORD SENTRUM

### Kva saka gjeld:

Legging av ny hovudvassleidning i sjø frå "kommunekaia" til Eikefjord sentrum.

Prosjektet var kostnadsrekna til kr 1.710.000,-.

Prosjektet hadde eit meirforbruk på kr 192.564,87 i høve til kalkyle og vedtak i Prosjektkomiteen i sak 30/09.

Det manglar formelt vedtak i Prosjektkomiteen i sak 30/09 på å nytte kr 800.000,- som var avsett i budsjettet for VAR- sektoren til dette prosjektet og som det var gjort låneopptak for.

Difor må det fattast vedtak på heile summen kr 992.564,87.

### FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Sluttrapport og rekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Prosjektet vert sluttfinansiert ved slik disponering :  
Prosjekt 79552 vert styrka med kr 992.564,87.  
Prosjekt 79545 Hovudplan vassverk vert redusert med kr 992.564,87.

07.09.2011 PROSJEKTKOMITEEN

### *Røysting:*

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### PRKO-035/11 VEDTAK:

1. Sluttrapport og rekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Prosjektet vert sluttfinansiert ved slik disponering :  
Prosjekt 79552 vert styrka med kr 992.564,87.  
Prosjekt 79545 Hovudplan vassverk vert redusert med kr 992.564,87.

**15.11.2011 FORMANNSKAPET**

***Røysting:***

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

**FORM-109/11 VEDTAK:**

1. Sluttrapport og rekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Prosjektet vert sluttfinansiert ved slik disponering :  
Prosjekt 79552 vert styrka med kr 992.564,87.  
Prosjekt 79545 Hovudplan vassverk vert redusert med kr 992.564,87.

**06.12.2011 BYSTYRET**

***Røysting:***

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

**BYST-122/11 VEDTAK:**

1. Sluttrapport og rekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Prosjektet vert sluttfinansiert ved slik disponering :  
Prosjekt 79552 vert styrka med kr 992.564,87.  
Prosjekt 79545 Hovudplan vassverk vert redusert med kr 992.564,87.

Terje Heggheim  
Rådmann

Reidulf Refsnes  
Tenesteleiar

### **Innleing:**

Utskifting av dåverande hovudvassleidning vart sett på som viktig for sikkerheiten i vassforsyninga til Eikefjord, då ein vurderte at risikoen for brot på dåverande hovudvassleidning var størst mellom "kommunekaia" og landkum i Eikefjord sentrum. Dåverande leidning var frå 1977 og hadde høgt trykk. På kortare parti var leidningen overfylt i samband med utfylling i sjøen.

I samband med dette var det naudsynt å gå i dialog med grunneigarane om grunnavtale som sikra at Flora kommune også fekk byggje leidningsanlegg på land. Avtalane vart forhandla fram med bistand frå advokat Sidsel Rustad.

### **Hovudvassleidning:**

- Flora kommune engasjerte Nord-plan AS avd. Ålesund til å utarbeide tilbodsgrunnlag for ny hovudvassleidning i Eikefjord. Hovudvassleidningen ville gå i sjø frå "kommunekaia" til Eikefjord sentrum.
- Tilbodsgrunnlaget for entreprisa vart sendt ut til i alt 13 entreprenørar i ein open tilbodskonkurranse. Ved tilbodsfristens utløp var det kome inn tilbod frå 3 av entreprenørane.
- Rørleggarservice AS leverte totalsett det mest økonomisk gunstige tilbodet – basert på totalpris og krav til ferdigstillingsdato, og det vart inngått avtale med dei.

### **Avtalane:**

- Den fyrste avtala gjaldt avtale som sikra Flora kommune retten til å byggje og ha liggjande leidningsanlegg på eigedom gbnr: 53/3. Dette er i området ved "kommunekaia". På dette området vart det bygd ny vasskum og vassleidning som går vidare til sjø.
- Den andre grunnavtale gjaldt avtale som sikra Flora kommune retten til å byggje og ha liggjande leidningsanlegg på eigedom gbnr: 55/1. Dette er Eikefjord sentrum og her går vassleidningen på land og vart tilknytt eksisterande vassleidning. Her vart det bygd ny landtanskum for vatn samt leidningsanlegg for vatn.

Begge avtalane vart underteikna av dei einskilde grunneigarar og av ordførar. Etter politisk godkjenning vart grunnavtalane tinglyste.

- For grunnavtale på eigedom gbnr: 55/1 vart det inngått avtale om erstatning på kr.3000,-
- For grunnavtale på eigedom gbnr: 53/3 vart det inngått avtale om at Flora kommune skulle utføre arbeid med rydding og planering av eit område i tilknytning til leidningsanlegget. Flora kommune dekkja inntil kr.5000,- av dette arbeidet.

I tillegg til overnemnte erstatning hadde ein utgifter til juridisk bistand, administrasjon og framtidige utgifter for 2 stk. grunnavtaler.

### **Vurdering:**

Utskifting av dåverande hovudvassleidning vart sett på som viktig for sikkerheiten i vassforsyninga til Eikefjord, då ein vurderte at risikoen for brot på dåverande hovudvassleidning var størst mellom "kommunekaia" og landkum i Eikefjord sentrum. Dåverande leidning var frå 1977 og hadde høgt trykk. På kortare parti var leidningen overfylt i samband med utfylling i sjøen.

Prosjektet er utført.

**Økonomiske konsekvensar:**

I Hovudplan vassforsyning og avløp 2007-2015, under Eikefjord vassverk, tiltak nr V-28 pkt.2 er der oppgitt kr.800.000,- til ny sjøleidning.

Prosjektleiariar gikk då ut frå at desse pengane var avsett til prosjekt 79552 Hovudvassleidning sjø Hovland – Eikefjord sentrum.

I denne tru vart prosjekt 79552 ”Hovudvassleidning i sjø Hovland – Eikefjord sentrum” lagt fram for finansiering i prosjektkomiteen i sak 030/09 med styrking av prosjektet på kr.910.000,-, då prosjektkostnadane vart rekna til kr.1.703.411,-

Det viste seg seinare at det ikkje føreligg nokon konkret løyving på kr.800.000,- til prosjekt 79552.

Kr.800.000,- ligg i ei rammeløyving på vassforsyningsplanen. Difor er avviket så høgt.

Prosjektet er i si heilheit lånefinansiert.

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:****Prenta/uprenta vedlegg:**

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
1	U	16.06.2011	Kryssrevisjon Ytre Sogn og Sunnfjord	Prosjekt 79552 - Hovudvassleidning sjø Hovland-Eikefjord sentrum	
2	I	17.06.2011	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Førebels revisjonsavtale - sluttrapport/ - rekneskap for prosjekt 79552 - hovudvassleidning sjø Hovland - Eikefjord sentrum	
4	I	29.09.2011	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Revisjonsuttale - Sluttrekneskap og sluttrapport Prosjekt nr 79552 - Hovudvassleidning sjø Hovland-Eikefjord sentrum	
5	I	28.10.2011	SEKOM-sekretariat	071/11 Prosjektrekneskap - Sluttrekneskap og sluttrapport - prosjekt nr 79552 Hovudvassleidning sjø Hovland - Eikefjord Sentrum	

**Utskrift til:**

- Kryss Revisjon
- Kontrollutvalet



Dagleg leiar/  
Revisjonssjef: Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27  
terje.forde@kryssrevisjon.no  
postmottak@kryssrevisjon.no  
Bank: 3705.08.27845  
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Flora kommune  
v/Rådmannen  
6900 Flora

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkivkode:	Journalnr.:	Dokumentdato:
	\Årsavslutning2011/tv11	216	03 / 2012	5. januar 2012

## AVSLUTNING AV ÅRSREKNESKAPEN FOR ÅR 2011

Vi nærmar oss raskt fristen for rekneskapsavlegginga for 2011, 15. februar 2012, og i den samanheng vil revisjonen allereie no minne om at *kommunen* skal avlegge årsrekneskapen for år 2011 til *kommunerevisjonen* innan den frist som er sett i forskriftene § 10; dvs. innan den 15.02.12.

Vi ber om at årsrekneskapen vert *oversendt* KRYSS Revisjon så snart den ligg føre. Samband med oversending av den ferdigstilte årsrekneskapen ønskjer vi å inn-hente eigen uttale frå kommuneleiinga. Vi ber såleis om at det vert utferdiga ei eigen *fullstendigheits-erklæring* der det vert bekrefsta at rekneskapen er *endeleg* avlagt, at den er *fullstendig og avstemt*, og at den *ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar*. I erklæringa til årsrekneskapen er det viktig at det blir gjeve opplysningar om andre vesentlege forhold som revisor bør ha med seg inn i det avsluttande revisjonsarbeidet for året. Vi legg ved ein eksempelimal på ei slik erklæring (vedlegg 1).

Revisjonen vil legge *mottaksdato* til grunn for eigen frist for oversending av revidert årsrekneskap til *Kontrollutvalet*, og vidare handsaming til *formannskapet og kommunestyret*.

Etter økonomibestemmelsane er periodiseringsfristen **31.12**. Vi minner her om at det er *anordningsprinsippet* som skal vere gjeldande, og i den samanheng viser vi også til at *bokføringslova* sine bestemmelsar no også eg gjeldande for kommunerekneskapen. Som ei hjelp i arbeidet med å etterleve *dokumentasjonskrava* i bokføringslova, og dei kommunale økonomibestemmelsar forøvrig, har vi laga til eit samandrag kring dette, og dette legg vi ved som vedlegg (vedlegg 2) til dette skriv.

Vi minner elles om dei krav som er stilt til kommunen si årsmelding/årsrapport (rekneskapsforskrifta § 10) og til dei notekrav som er stilt til rekneskapspresentasjon. Forskriftene sin frist for levering av årsmeldinga/årsrapporten er **31. mars 2012**.

Revisor skal stile revisjonsberetninga si til kommunestyret/bystyret v/ordføraren. Kopi går til *Kontrollutvalet* som skal handsame årsrekneskapen og revisjonsberetninga og skal kome med *uttale, og/eller eventuelle desisjonsforslag*, til årsrekneskapen til kommunestyret/bystyret *før* formannskapet gjev si *innstilling* i rekneskapssaka.

Forskriftene stiller krav om at *formannskapet si innstilling* overfor kommunestyret må innehalde *framlegg til bruk av overskot eller dekningsmåte for inndekking av underskot*. Innstillinga bør også innehalde korleis meirforbruk i kapitaldelen (investeringsrekneskapen) skal finansierast/budsjettmessig inndeckast.

Regionskontor for kommunane:  
Flora, Askvoll, Bremanger  
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø  
Tlf. 57 75 60 97  
E-post: [postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:  
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular  
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde  
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01  
E-post: [postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)

Regionskontor for kommunane:  
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund  
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad  
Tlf. 57 78 85 47  
E-post: [postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)

Årsrekneskapen skal vere datert og underteikna av *rekneskapsansvarleg* og *administrasjonssjefen* (rådmannen), og *oppdragsansvarleg revisor* skal ved si påskrift referere til dato for tilhøyrande revisjonsmelding/-beretning.

Det kan oppstå situasjonar der administrasjonen sjølv eller revisor finn feil og manglar i den avlagde rekneskap, som ein i samråd med revisor velger å få retta opp. Dersom det av ulike årsaker blir føreteke endringar i rekneskapen etter at den er oversendt til revisor, skal det framleggast nytt rekneskap, med ny dato og nye underskrifter. Det må vere eit mål å ha minst mogleg med variantar av ein avlagd rekneskap, derfor bør det tilstrebast å ha ein mest mogleg korrekt, riktig og fullstendig rekneskap, med korrekte oversikter og rekneskapsutgreingar når årsrekneskapen blir oversendt revisor.


Frå 2010 kom det endringar i revisjonsstandardene som gjer at revisor utformer ei revisjonsberetning til årsrekneskapen etter ein ny norm i forhold til tidlegare. Dette er økonomisjefane/rekneskapssjefane kjende med frå kurs; jfr. bl.a. økonominettverkssamlingane i regi av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Vi vil minne kommunane om at revisor etter det nye regelregimet no er forplikta til å skrive *negativ revisjonsberetning* pr. 15.04.12, dersom rekneskap og årsmelding/årsrapport ikkje ligg føre innan forskriftsfristane. Vi ber derfor om at kommunen tilstreber å halde fristen for rekneskapsavlegginga og fristen for årsmeldinga

Vi ser fram til eit konstruktivt samarbeid i det føreståande arbeidet med årsoppgjeret for 2011, og vonar administrasjonen legg opp rutiner som sikrar at økonomibestemmelsane, og dei fristar som er sett, skal kunne overhaldast.

Vi ønskjer administrasjonen lukke til med det føreståande rekneskapsarbeidet kring årsoppgjeret for 2011.

Florø den 5. januar 2012  
Med helsing

Terje Førde  
Revisjonssjef  
(sign.)

 **KEYSS REVISJON**  
KOMMUNEREVISJONEN I  
TITRE SOGN OG SUNNEJORD  
Trine Vokuhl  
Kommunerevisor I

**Vedlegg:**

Eksempel på *fullstendighetserklæring* til årsrekneskapen for 2011  
Revisjonsnotat 05.01.12: '*Dokumentasjonskrav i bokføringslova*'

Kopi til: Ordførar  
Økonomi  
v/Linda Asphjell og  
Ruth S. Sunde  
Kontrollutvalet

## 003/12 ORIENTERING OM STRATEGIAR OG UTFORDRINGAR V/ORDFØRAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
Dato: 10.01.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	19.01.2012	003/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

### Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til ordførar i Flora kommune om Orientering v/ordførar, datert 15.12.2011.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 080/11 Eventuelt..

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Orienteringa vert teken til vitande.

### KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:



Saksutgreiing

## **ORIENTERING OM STRATEGIAR OG UTFORDRINGAR V/ORDFØRAR**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Ordførar i Flora kommune orienterer om strategiar og utfordringar i høve til at Flora kommune er registrert som ROBEK-kommune.

### **Saksopplysningar:**

Under møtet i kontrollutvalet 08.12.2011 under sak 030/11 Eventuelt gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *Ordførar vert kalla inn til neste møte for å orientere om Flora kommune sine strategiar og utfordringar, bl.a. i høve til at Flora kommune er ein ROBEK-kommune.*

15.12.2011 er det sendt brev til ordførar i Flora kommune om at han vil bli kalla inn til møtet 19. januar 2012 for å orientere slik det går fram av vedtaket til kontrollutvalet.

**Sekretariatet sine vurderingar.**

519/11

## Tveit Asgeir

---

**Fra:** Tveit Asgeir  
**Sendt:** 15. desember 2011 11:03  
**Til:** 'Solheim-Olsen Bengt (bengt.solheim-olsen@flora.kommune.no)'  
**Kopi:** 'Holme Bjarne (bjarne.holme@flora.frp.no)'  
**Emne:** Kontrollutvalsmøte 19.01.2011 - Orientering v/ordfører


I kontrollutvalsmøte 08.12.2011 under sak 080/11 "Eventuelt" gjorde kontrollutvalet vedtak om at dei ynskjer at Ordførar vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om strategiane og utfordringane til Flora kommune, bl.a. i høve til at Flora kommune er registrert som ROBEK-kommune.

Vi gjer med dette merksame på at de vil bli kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om ovanfor ståande.

Neste møte i kontrollutvalet i Flora er tidfesta til 19. januar 2012. Møteinnkalling vert sendt omtrent ei veke før møtet.

Med helsing

Asgeir Tveit



e-post: [asgeir.tveit@sekom.no](mailto:asgeir.tveit@sekom.no)

Heimeside: [www.sekom.no](http://www.sekom.no)

Postboks 338, 6802 FØRDE

Tlf: 57 82 22 90

Mob: 976 15 363

Faks: 57 72 20 10

## 004/12 ORIENTERING OM STRATEGIAR OG UTFORDRINGAR MED MEIR V/RÅDMANNEN

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
Dato: 10.01.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	19.01.2012	004/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

### Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til Flora kommune om Orientering v/rådmannen, datert 15.12.2011.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 080/11 Eventuelt..

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Orienteringa vert teken til vitande.

### KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

## **ORIENTERING OM STRATEGIAR OG UTFORDRINGAR MED MEIR V/RÅDMANNEN**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Rådmannen orienterer om strategiar og utfordringar i høve til at Flora kommune er registrert som ROBEK-kommune med meir.

### **Saksopplysningar:**

Under møtet i kontrollutvalet 08.12.2011 under sak 030/11 Eventuelt gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *Rådmannen vert kalla inn til neste møte for å orientere om Flora kommune sine strategiar og utfordringar, bl.a. i høve til at Flora kommune er ein ROBEK-kommune.*

15.12.2011 er det sendt brev til Flora kommune om at rådmannen vil bli kalla inn til møtet 19. januar 2012 for å orientere slik det går fram av vedtaket til kontrollutvalet.

### **Sekretariatet sine vurderingar.**

**Tveit Asgeir**

---

**Fra:** Tveit Asgeir  
**Sendt:** 15. desember 2011 11:05  
**Til:** 'postmottak@flora.kommune.no'  
**Kopi:** 'terje.heggheim@flora.kommune.no'; 'Holme Bjarne (bjarne.holme@flora.frp.no)'  
**Emne:** VS: Kontrollutvalsmøte 19.01.2011 - Orientering v/rådmannen

I kontrollutvalsmøte 08.12.2011 under sak 080/11 "Eventuelt" gjorde kontrollutvalet vedtak om at dei ynskjer at Rådmannen vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om strategiane og utfordringane til Flora kommune, bl.a. i høve til at Flora kommune er registrert som ROBEK-kommune.

Vi gjer med dette merksame på at de vil bli kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om ovanfor ståande.

Neste møte i kontrollutvalet i Flora er tidfesta til 19. januar 2012. Møteinnkalling vert sendt omtrent ei veke før møtet.

Med helsing

Asgeir Tveit



**SEKOM-sekretariatet**

Administrativt og teknisk sekretariat for Årstad, Berlevanger, Eide, Flora, Fårås, Fauske, Høylandet, Høyro, Kjøpsvik, Lierne, Meråker, Snåres og Stjørdal kommuner.

e-post: [asgeir.tveit@sekom.no](mailto:asgeir.tveit@sekom.no)

Heimeside: [www.sekom.no](http://www.sekom.no)

Postboks 338, 6802 FØRDE

Tlf: 57 82 22 90

Mob: 976 15 363

Faks: 57 72 20 10

## 005/12 ÅRSMELDING 2011 FRÅ KONTROLLUTVALET I FLORA

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 11.01.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	19.01.2011	005/12	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Bystyre		-	-	Ja

### Saksvedlegg.

- Framlegg til årsmelding 2011 frå kontrollutvalet

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Flora kommune vert godkjent.

### KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL BYSTYRET:

Saksutgreiing

## **ÅRSMELDING 2011 FRÅ KONTROLLUTVALET I FLORA**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet til bystyret.

### **Saksopplysningar:**

Årsmelding frå kontrollutvalet er vedlagt.

Årsmeldinga vert stila til bystyret og er eit ledd i rapporteringa til dette organet. Jfr. kml. § 77 pkt. 6 som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemmer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat for kontrollutvalet, oppgåvene til kontrollutvalet etter kommunelova §77 og forskrift til denne, omtale av saker som har blitt handsama og informasjon om arrangement kontrollutvalsmedlemene har delteke på.

Årsmeldinga skal vedtakast av bystyret.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

"utkast"

## Flora bystyre

### ÅRSMELDING 2011 FRÅ KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet til Flora kommune har i år 2011 vore sett saman slik:

#### Perioden 01. januar – 27. september:

##### Medlemer:

Halvar Espeseth  
Sture Thorgaard  
Siv Aase Eggen  
Rune Bortne  
Katrine Dale

##### Varamedlemer:

Harald Melvær  
Else Marie Hammerseth  
Anne-Karin Hamn Vasby  
Magne Solheim-Olsen  
Eldrid Ryste

#### Perioden 27. september – 31. desember:

##### Medlemer:

Bjarne Holme  
Ingvar T Myrvollen  
Björg Mikalsen  
Eva Richter  
Berit Hovland

##### Varamedlemer:

Sture Thorgaard  
Einar Jacobsen  
Gunn Jansen  
Henning Ryland  
Solbjørg Tonheim

SEKOM-sekretariat har vore sekretariat for kontrollutvalet i 2011.

Virkeområda til kontrollutvalet er fastsett i kommunelova § 77. Til denne §-en er det laga eiga forskrift; "Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar" av 15. juni 2004. Kontrollutvalet har som intensjon å utføre kontroll- og tilsynsarbeidet, som inneber å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, i samsvar med dette lovverket.

I 2011 har kontrollutvalet i Flora hatt sju møte der det er handsama i alt 80 saker.

Kontrollutvalet tinga i 2010 forvaltningsrevisjonsprosjektet "Sjølvcostberekningar – VAR-sektoren" Rapport for prosjektet er venta levert i byrjinga av 2012.

Kontrollutvalet har i 2011 tinga overordna analyse av KRYSS-revisjon. Overordna analyse er grunnlag for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon som skal vedtakast av bystyret i 2012.

Kontrollutvalet har handsama følgjande revisjonsrapportar i 2011:

- Søkjelys på indre kontrollrutinar i samband med tildeling av plass og fastsetjing, avrekning og innkrevjing av eigenbetaling for pensjonærar i heildøgns omsorg og pleie.
- Anskaffelsar og prosjektstyring i Flora kommune.
- Møtegodtgjersle/dekning av tapt arbeidsinntekt folkevalde.
- Prosedyrar/sakshandsaming og økonomiske rutinar ved opptak av barn i barnehage.

Dei tre først nemnde rapportane vart sendte bystyret med tilråding om vedtak.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571



# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

---

Kontrollutvalet har kalla inn rådmannen for å orientere i saker. Her nemnast:

- Rutinar for omdisponering av lån i investeringsprosjekt.

Kontrollutvalet har i 2011 kome med tilråding om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet. Som følgje av måten sekretariat og revisjon er organisert, er det berre for drifta av kontrollutvalet det er gjeve tilråding om budsjett.

Kontrollutvalet har gjeve fråsegn til årsrekneskapen 2010 for Flora kommune, rekneskapen til fem kommunale føretak, rekneskapen til 36 investeringsprosjekt og rekneskapen for Viltfondet.

Revisor har regelmessig orientert kontrollutvalet om aktuelle saker i revisjonsarbeidet. Kontrollutvalet har handsama årleg sak om revisor sin ubundenskap.

I samband med at vi har gått inn i ein ny valperiode med nyvalt kontrollutval har Sekom-sekretariat orientert om rolla og oppgåvene til sekretariatet for kontrollutvalet, rolla og oppgåvene til kontrollutvalet og møterutinar. KRYSS-revisjon har orientert om deira rolle og oppgåver.

Som faste saker på saklista har kontrollutvalet "Skriv og meldingar", "Oppfølgingsliste" og "Eventuelt".

Utover det som er omtalt ovanfor har kontrollutvalet handsama møteplan for kontrollutvalet 2011 og årsmelding 2010 frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet meiner at dei har gjennomført oppgåvene i samsvar med kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar når det gjeld tilsyn og kontroll med administrasjonen.

Kontrollutvalet har også gjennomført oppgåva med å sjå til at kommunen har ei tilfredsstillande revisjonsordning gjennom å følgje med på det arbeidet revisor leverer i form av rapportar og revisjonsmeldingar og dei orienteringar som er gjeve av revisjonen i møte.

Flora 19. januar 2012

Bjarne Holme  
Leiar

Ingvar T Myrvollen

Berit Hovland

Björg Mikalsen

Eva Richter

---

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

## 006/12 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I FLORA 2012

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 06.01.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	19.01.2012	006/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Bystyret		-	-	

### Saksvedlegg.

- Forslag til møteplan 2012.
- Oversikt bystyremøte 2012.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Møteplan for kontrollutvalet i Flora for 2012 vert godkjent.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

## **MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I FLORA 2012**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Møteplan for kontrollutvalet i Flora for 2012.

### **Saksopplysningar:**

Forslag til møteplan er vedlagt.

I arbeidet med å koordinere møta til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område, for den langsiktige planlegginga sin del og for at kontrollutvalsmedlemene skal kunne koordinere sine planar og gjeremål, har ein funne det tenleg å lage planar for kva tid kontrollutvalsmøta skal haldast i 2011 i dei ulike kommunane. I planen for kvar kommune er det, under føresetnad av at det ikkje vert endringar i desse, teke omsyn til kva tid det skal vere bystyremøte. Planen må sjåast på som eit utgangspunkt for kva tid det skal vere møte. Det kan kome endringar som følgje av saker som kjem på og som hastar eller av andre årsaker. Møteinnkalling vil alltid bli sendt ut i førekant av møte, og hovudsakleg skal dette skje minst ei veke før møtet vert halde.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

## MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVAL FLORA KOMMUNE 2012

MÅNAD	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
KONTROLLUTVAL	19.	28.	23.	27.	16.			31.		29.		7.
FORMANNSKAP	17.	21.	6.	19	08./19.	5		28.	11.	9./30.	27.	
BYSTYRE		9.	13.	10.		12./19					6.	4./13.

[Heim](#) » [Møteplan og saker](#)Bystyret

## Bystyret

### Møter

Veke	Dato	Status	Sakskart	Protokoll	Bok
6	<a href="#">09.02.2012 12:30</a>	Handsaming starta			
11	<a href="#">13.03.2012 12:30</a>	Handsaming starta			
15	<a href="#">10.04.2012 12:30</a>	Handsaming starta			
24	<a href="#">12.06.2012 12:30</a>	Handsaming starta			
25	<a href="#">19.06.2012 12:30</a>	Handsaming starta			
45	<a href="#">06.11.2012 12:30</a>	Handsaming starta			
49	<a href="#">04.12.2012 12:30</a>	Handsaming starta			
50	<a href="#">13.12.2012 12:30</a>	Handsaming starta			

[Historisk arkiv](#)

---

## 007/12 OPPFØLGINGSLISTE 1-2012 FLORA

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 10.01.2012

<b>Utval</b>	<b>Dato</b>	<b>Utv.- Saksnr.</b>	<b>Status</b>	<b>Vedtaks- organ</b>
Kontrollutval	19.01.2012	007/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

### **Saksvedlegg.**

- Oppfølgingsliste 1-2012 Flora.

### **Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### **Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

- Oppfølgingsliste 1-2012 Flora vert teken til vitande.

### **KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

Saksutgreiing

## **OPPFØLGINGSLISTE 1-2012 FLORA**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Saksoppfølging.

### **Saksopplysningar:**

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 10.01 2012.

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Saker som kontrollutvalet ønskjer nærare utgreiing om eller undersøkt, kan takast opp i møtet for evt. oppføring på lista.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

## Oppfølgingsliste 1-2012 – Flora.

### Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Flora kommune

I kontrollutvalsmøte 29.02.2008 vedtok kontrollutvalet at det fortløpande skulle hentast inn status i saker som det har handsama. Dette er andre statusrapport. Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
011/09 Tiltak - kontrollutvalsarbeid	31.03.09		31.03.09 Vedtak KU – gjennomfør. Orientering frå etatane, Orientering frå revisor Tilsynsrapportar Tertialrapportar Kvalitetsrapportar vedr Flora.
043/10 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Sjølvkostberekningar – VAR – Sektoren - Tinging	28.10.10	Frist 01.11. 2011	29.10.10 Bestilling oversendt til KRYSS-revisjon. 14.10.11 Bede KRYSS om status. 14.10.11 Status frå KRYSS-revisjon. 10.11.11 Status frå KRYSS-revisjon.
056/10 Rapport eigarskapskontroll Alarmsentralen	30.11.10		30.11.10 Tilråding til bst. 30.11.10 s. bst. 01.12.11 s frsp Flora kommune vedr vedtak i bst. 15.12.11 s brev til Flora kommune m frsp bst si handsaming.
Sak 026/11 Revisjonsrapport – Søkelys på indre kontrollrutinar i samband med tildeling av plass, fastsetjing, avrekning og innkreving av eigenbetaling for pensjonærar i heildøgns omsorg og pleie	25.03.11		25.03.11 Vedtak KU – Godkejnt 01.04.11 Sendt til Bystyret 12.05.11 Brev til kommunen der vi ber om beh. Av saka. 15.12.11 s brev til Flora kommune m frsp bst si handsaming.
Sak 027/11 Revisjonsrapport – Anskaffelsar og prosjektstyring i Flora kommune.	25.03.11		25.03.11 Vedtak KU – Bør godkjennast 01.04.11 Sendt til Bystyret. 12.05.11 Brev til kommunen vi ber om beh av saka. 15.12.11 s brev til Flora kommune m frsp bst si handsaming.
Sak 064/11 Skriv og meldingar	27.10.11		27.10.11: Vedtak KU – Teke til vitande.
Sak 065/11 Opplæring.	27.10.11		27.10.11: Vedtak KU – Kontrollutvalet har som intensjon at faste medlemmer og varamedlemmer skal delta på kontrollutvalsopplæring som ver halden på Skei 23. januar 2012.
Sak 066/11 Budsjett 2012 for drift av kontrollutvalet.	27.10.11		27.10.11: Tilråding frå kuv til bst. 28.10.11: s/bst 13.12.11: Vedtak bystyret sak 14/11.
Sak 067/11 Prosjektrekneskap – Sluttrekneskap og sluttrapport prosjekt nr 78007 Grunnerverv.	27.10.11		27.10.11: Tilråding frå kuv til bst. 28.10.11 s/bst 06.12.11 Vedtak bystyret sak 118/11.
Sak 068/11 Prosjektrekneskap – Sluttrekneskap og sluttrapport prosjekt nr 77906 Breiband.	27.10.11		27.10.11: Tilråding frå kuv til bst. 28.10.11 s/bst 06.12.11 Vedtak bystyret sak 119/11.
Sak 069/11 Prosjektrekneskap – Sluttrekneskap og sluttrapport prosjekt nr 78562 Grunntingingar skytebane/fellesfjora.	27.10.11		27.10.11: Tilråding frå kuv til bst. 28.10.11 s/bst 06.12.11 Vedtak bystyret sak 120/11.
Sak 070/11 Prosjektrekneskap – Sluttrekneskap og sluttrapport prosjekt nr 79522 Pumpestasjon Brandsøy.	27.10.11		27.10.11: Tilråding frå kuv til bst. 28.10.11 s/bst 06.12.11 Vedtak bystyret sak 121/11.
Sak 071/11 Prosjektrekneskap – Sluttrekneskap og sluttrapport prosjekt nr 79522	27.10.11		27.10.11: Tilråding frå kuv til bst. 28.10.11 s/bst 06.12.11 Vedtak bystyret sak 122/11.



Hovudvassleidning.			
Sak 074/11 Godkjenning innkalling og sakliste	08.12.11		08.12.11 Vedtak KU – Godkjent
Sak 075/11 Skriv og meldingar	08.12.11		08.12.11 Vetak KU – Teke til vitande
Sak 076/11 Prosjektrekneskap – Lastebil VAR	08.12.11		08.12.11 Uttale til frmsk. 14.12.11 s/frmsk
Sak 077/11 Orientering om revisor si rolle og oppgåver.	08.12.11		08.12.11: Vedtak KU – Teke til vitande.
Sak 078/11 Overordna analyse.	08.12.11		08.12.11 Vedtak KU – Tinge hjå KRYSS.
Sak 079/11 Oppfølgingsliste 7-2011 Flora.	08.12.11		08.12.11 Vedtak KU - Kontrollutvalet ber om at sekretariatet følgjer opp at rapportane etter følgjande kontrollar vert lagde fram for bystyret til handsaming: "Eigarskapskontroll Alarmsentralen", "Søkjelys på indre kontrollrutinar i samband med tildeling av plass, fastsetjing, avrekning og innkrevjing av eigenbetaling for pensjonærar i heildøgns omsorg og pleie" og "Anskaffelsar og prosjektstyring i Flora kommune".  15.12.11 s brev til Flora kommune m frsp om bst si handsaming.
Sak 080/11 Eventuelt	08.12.11		08.12.11 Vedtak KU – - Tenesteleiar orienterte om jaktretten til Flora kommune og kjem med ei skriftleg orientering til neste møte. (15.12.11) Brev s Flora kommune. - Tenesteleiar orienterte om auken i kommunale gebyr. Bl.a. skjedde auken som følgje av ein kontroll innan avlaup. - Rådmannen vert kalla inn til neste møte for å orientere om Flora kommune sine strategiar og utfordringar, bl.a. i høve til at Flora kommune er ein ROBEK-kommune. (15.12.11) Brev s Flora kommune. - Ordførar vert kalla inn til neste møte for å orientere om Flora kommune sine strategiar og utfordringar, bl.a. i høve til at Flora kommune er ein ROBEK-kommune. (15.12.11) Brev s ordførar. - Neste møte i kontrollutvalet vert sett til 19.01.2012 kl. 09.30. Det er ynskje om at møtet vert lagt til møterommet Ytterøyane. - Kontrollutvalet ber om å få tilsendt innkallingar til og protokollar for by- og formannskapsmøte elektronisk. (15.12.11) Brev s Flora kommune.  Kontrollutvalsleiar stilte følgjande spørsmål i møtet: - I kommunal rapport er det skrive ein artikkel om at det er kontrollutvalet sitt ansvar å få farmlagt alle avvik innan helse og omsorg. Kontrollutvalet vart orientert om at tilsynsrapportar er å finne på Fylkesmannen si heimeside, og at link til desse rapportane vil bli sendt kontrollutvalet. Tilsynsrapportar frå Fylkesmannen vert også lagt fram for kontrollutvalet. (15.12.11) Lenkje s kontrollutvalet.

			<ul style="list-style-type: none"> <li>- Vedrørende kjøp av einebustad Brendøyvegen. Spørsmålet vil bli stilt rådmannen i neste møte.</li> <li>- Byggjemelding Trafo Nybømarka; vart det sendt ut nabovarsel? Fekk svar om at det hadde vore på høyring.</li> <li>- Har pårørende rett på innsyn i dei vedtak som blir fatta? I den omtalte saka har pårørende no fått innsynsrett.</li> </ul>
Sak 01/12 Godkjenning av innkalling og sakliste	19.01.12		
Sak 02/12 Skriv og meldingar.	19.01.12		
Sak 03/12 Orientering v/ordførar	19.01.12		
Sak 04/12 Orientering ved rådmannen	19.01.12		
Sak 05/12 Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet	19.01.12		
Sak 06/12 Møteplan 2012.	19.01.12		
Sak 07/12 Oppfølgingsliste 1-2012.	19.01.12		
Sak 08/12 Eventuelt	19.01.12		

Oppdatert 10.01.12.

## 008/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
Dato: 10.01.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	19.01.2012	008/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

#### Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.

**009/12 PROSJEKTRKESKAP – SLUTTREKESKAP OG SLUTTRAPPORT  
PROSJEKT NR 78606 ASFALTERING**

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat

**Dato:** 12.01.2012.

<b>Utval</b>	<b>Dato</b>	<b>Utv.- Saksnr.</b>	<b>Status</b>	<b>Vedtaks- organ</b>
Kontrollutvalet	19.01.2012	009/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Ja

**Saksvedlegg:**

- Revisjonsuttale frå KRYSS-revisjon datert 04.01.2012.
- Utskrift av rekneskap datert 14.10.2011.
- Sluttrapport.14.10.2011.
- Sak 043/11 i prosjektkomiteen datert 14.12.2011.
- Førebels revisjonsuttale frå KRYSS-revisjon datert 18.11.2011.

**Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

- Kommunelova .
- Økonomireglement for Flora kommune.

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

- Kontrollutvalet viser til revisjonsuttale datert 04.01.2012.
- Under føresetnad av at mindreforbruket vert disponert i samsvar med regelverket har ikkje kontrollutvalet merknader til at rekneskapan vert godkjent slik han ligg føre.

**KONTROLLUTVALET SIN UTTALE TIL BYSTYRET :**

Saksutgreiing

**PROSJEKTRKESKAP – SLUTTREKESKAP OG SLUTTRAPPORT  
PROSJEKT NR 78606 ASFALTERING**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

**Innleiing – Kva saka gjeld**

Det ligg føre endeleg prosjektrekneskap og sluttrapport for prosjekt nr 78606 Asfaltering. Kontrollutvalet skal i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt gje uttale til sluttrapporten og sluttrekneskapen.

**Saksopplysningar:**

Det vert vist til rekneskapen og sluttrapporten og det som elles ligg føre av dokument i saka.

Sluttrapport og byggjerekneskap er oversendt revisjonen. Revisjonsuttalen er datert 04.01.2012.

Prosjektrekneskapen viser ein totalkostnad på kr. 1.124.164,72. Budsjettråma for prosjektet var kr. 1.130.000,-. Prosjektet har såleis eit mindreforbruk på kr. 5.835,28. Prosjektet er finansiert med lån.

Prosjektkomiteen har i si sak gjort vedtak om at mindreforbruket skal overførast til prosjekt 778631 Asfaltering 2011..

Revisjonsuttalane stadfester taldelen i sluttrekneskapen.

Bystyret gjer vedtak i prosjektrekneskapssaker over kr. 500.000,-, jfr. delegasjonsreglement for Flora kommune. Bystyret gjer også endeleg vedtak med omsyn til kva måte mindreforbruket skal disponerast

**Sekretariatet sine vurderingar:**

Sekretariatet viser til rekneskapen, revisjonsuttale og det som elles ligg føre av dokument i saka. Vi vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at under føresetnad av at prosjektet vert fullfinansiert i samsvar med regelverket kan prosjektrekneskapen godkjennast slik han ligg føre.

Flora Bystyre  
v/Ordfører  
6900 Florø

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Kryss/flora/prosjektrek/2012/prosjekt78606

Arkivkode:

212Q14

Journalnr.:

002/2012

Dokumentdato:

04.01.2012

## REVISJONSUTTALE - SLUTTREKNESKAP OG SLUTTRAPPORT *PROSJEKT NR 78606 - ASFALTERING*

Rekneskapen for ovennevnte prosjekt nr 78606 – Asfaltering har vore førelagt kommunerevisjonen i Flora kommune for gjennomsyn og kontroll.

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingar som samsvarar med ”ISRS 4400 – Avtala kontrollhandlingar”. Desse er opplista nedanfor. Handlingane er utført for å bistå Flora Bystyre i vurderinga av riktigheita av økonomien i *prosjekt nr 78606 Asfaltering*.

Vi vil oppsummere vårt arbeid slik:

Det ligg føre rapporteringsskjema for *prosjekt nr 78606 Asfaltering*, som viser ein totalkostnad på Kr 1 124 164,72. Den vedtekte budsjettramma for prosjektet utgjer kr 1 130 000,- prosjektet har såleis eit mindreforbruk på kr 5 835,28.

Prosjektkomiteen har gjeitt si tilråding til finansiering i PRKO -043/11. Vi vil ikkje ha merknader til at Flora Bystyre tiltrer vedtak frå Prosjektkomiteen i sak PRKO-043/11.

Vi stadfester med dette at vi bl.a. har gjennomført følgjande kontrollhandlingar:

- Om prosjektrekneskapen er underskriven på vegne av kommunen
- Beskrivinga av at prosjektrekneskapen samsvarar med politisk vedtak og budsjettføresetnader.
- utgifter og inntekter som er bokført på prosjektet vedkjem prosjektet og har ”tilhørigheit” til dette
- at det er korrekt handsaming av regelverk kring moms og momskompensasjonsordningane (to adskilte regelregime)
- at prosjektrekneskapen er konsistent med taldelen i dei offisielle årsrekneskapane for Flora kommune, som den byggjer på
- at rekneskapsrapporteringane er i samsvar med Flora Bystyre sine vedtak. Jfr det som er nemnt i sluttrapporten .

Vi har stadfesta taldelen i sluttrapporteringa ved vår påteikning d 04.01.2012. jfr vår førebels revisjonsuttale d.18.11.2012.

Våre revisjonshandlingar mot vedkommande prosjektrekneskap for *prosjekt nr 78606 Asfaltering* vil bli innstilt så snart Flora Bystyre sitt vedtak i saka er effektuert av økonomiavdelinga i Flora kommune.

Florø 04.01.2012

  
Trine Vokuhl  
Kommunerevisor I

Vedlegg:  
Utskrift av rekneskap  
Sluttrapport  
PRKO-043/11  
Kopi Førebels revisjonsuttale 18.11.2011

Kopi:  
Kontrollutvalet  
Rådmannen  
Økonomisjef



KOMMUNEREVISJONEN

Ytre Segn og Sunnfjord

KRYSS-REVISJON

Kryss Revisjon  
Strandgata 43 2. etg.

6900 FLORØ

Dato: 20.12.2011      Off:  
Sak nr. 199/2011      Reg.nr:  
Arkiv: 216 Q 14  
Avd.kode: 1401  
Sakshandsamar T.F.

Vår ref.  
10/1587-9/K1-033//GUNY

Dykkar ref.

Dato:  
Florø: 14.12.2011

**OVERSENDING AV SAKER TIL  
KRYSSREVISJON/KONTROLLUTVALET**

Vedlagt følger kopi av sluttrapportsaka som vart behandla i Prosjektkomiteen i dag 14.12.2011, for endeleg revisjonsrapport og vidareending til Kontrollutvalet for behandling.

**Saka er:**

Sak 043/11      Sluttrapport prosjekt 78606 Asfaltering, arkivsak 11/1859.

Med helsing

Gunnvor Nygård  
Møte- og utvalsekretær

**Kopi til:**

Berit Seljeseth Osa  
Reidulf Refsnes  
Ruth Svortevik Sunde





Flora Kommune

Dato: 12. 10. 2011	Dato:
Sign: <i>Steffen Rasmussen</i> Avdelingsleder	Sign: _____ Prosjektleder

Vedlegg: Rapport – Etervurdering/Evaluering av prosjekt. (Se egen mal M-004)

## Byggerekneskap for: Asfal...ing

Prosjekt nr. 78606

Ar: 2008-2009

## Spesifikasjon utgifter / inntekter:

Kostnadsart:	Ar 2009	Ar	Til saman:	Budsjett
Utgifter:				
230 Byggetenester	977 498,00		977 498,00	1 130 000,00
270 Konsulentrestar	13 041,00		13 041,00	
429 MVA-vederlag anskaffelsar	122 837,72		122 837,72	
500 Rentar	10 788,00		10 788,00	
Sum utgifter	1 124 164,72	-	1 124 164,72	1 130 000,00
Inntekter:				
700 Refusjon frå andre			-	
830 Overføring frå fylke			-	
Sum inntekter			-	
Netto utgift	1 124 164,72	-	1 124 164,72	1 130 000,00
Netto mindreforbruk i høve til budsjett				5 835,28

## Finansiering

Ar	Rekneskap Netto utgift	Finansiering	
		Bundne fond	Likv. reserve Lån
2009	1 124 164,72		1 124 164,72
Sum	1 124 164,72		1 124 164,72
Netto innsparing			5 835,28

Løyvingar	Lån
Budsjett 2009 B-sak 198/08	1 000 000
Budsjett 2010 B-sak 169/09	130 000
Sum	1 130 000

FLORA KOMMUNE  
Økonomiavdelinga, 14.10.2011  
*Linda N. Asphjell*  
Linda Nipen Asphjell  
Økonomisjef

*Line Voss*  
REVISJON  
KOMMUNEREVISJONEN I  
TYRE SOGA DE SUNNE JORD

*Ruth Sundt*  
Ruth Svortevik Sundt  
rekneskapsjef

FLORA KOMMUNE  
 POSTMOTTAK

Arvsaften: 11/1859 - 3

Dato: 18 NOV 2011

5

Arvsejle

Arvsejle

Flora Kommune  
 Prosjektkomiteen  
 v/Reidulf Refsnes  
 6900 Florø

Dokument ref.: Vår ref.: Krossrevisjon/prosjekt/førebels78606  
 Journalnr.: 194/2011  
 Dokumentdato: 18.11.2011

**FØREBELS REVISJONSUTTALE - SLUTTRAPPORT/-REKNESKAP FOR  
 PROSJEKT 78606 ASFALTERING**

Det ligg føre sluttrekneskap for ovannemde prosjekt for perioden 2008 - 2009, d. 14.10.2011.  
 Det ligg føre sluttrapport med evaluering av gjennomføring av prosjektet d 10.11.2011.

Saka er oversendt revisjonen for førebels uttale, med vidare handsaming i Prosjektkomiteen.

Det ligg føre rapporteringsskjema for prosjekt nr 78606 *Asfaltering* som viser ein total kostnad på Kr.1  
 124 164,72. Godkjent budsjett for prosjekt nr 78606 *Asfaltering* er på kr 1 130 000,-.  
 Prosjektet har såleis eit mindreforbruk på Kr 5 835,28 i forhold til budsjett. Prosjektet er i si heilheit  
 lånefinansiert. Det ligg til dei politisk styrande organ å disponere mindreforbruket.

Vi har stadfesta taldelen i sluttrapporteringa ved vår påteikning i dag, og har ingen ytterlegare  
 kommentarar til den sluttrekneskap som ligg føre.

Vi vil kome attende til endeleg revisjonsuttale så snart saka kjem attende frå Prosjektkomiteen, og  
 deretter vil saka bli vidareført til kommunen sitt kontrollutval som vil avgje uttale i saka.

Vi tør be om at saka vert returnert til oss saman med særutskrift frå Prosjektkomiteen si handsaming,  
 slik at vi kan føreta avsluttande revisjonshandlingar og utforme ei endeleg revisjonsuttale til  
 rekneskapsaka. Vi viser elles til dokument som følgjer saka.

6900 Florø den 18. november 2011  
 Med helsing

*Uwe Ibbud*  
 KRYSS REVISJON  
 HOVLUNDREVISJONEN I  
 YTTRE SØBY OG SUNNFJORD

Vedlegg:  
 Utskrift av rekneskap  
 Sluttrapport  
 Politiske vedtak i sak: prosjekt 78606

Regionskontor for kommunane:  
 Flora, Askvoll, Bremanger  
 Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø  
 Tlf. 57 75 60 97  
 E-post: postmottak@krossrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:  
 Forde, Iokster, Nauståli, Gaulen  
 Forde kommune, Hafsløvvegen 71, 6800 Forde  
 Postboks 487, 6801 Forde. Tlf. 57 82 48 01  
 E-post: postmottak@krossrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:  
 Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund  
 Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad  
 Tlf. 57 78 83 47  
 E-post: postmottak@krossrevisjon.no

Flora  
**FLORA  
 KOMMUNE**

**Sluttrapport**

Dok. nr.	rev.	Godkjent dato	Godkjent (sign.)	Merknader
003	-01	01.01.05		Til godkjenning

Prosjekt namn: **Asfaltering** Nr:78606

Plan og Miljøutval/Plankomité: sak: 013/09 den 2.6.2009

Prosjektkomité: Sak: 021/09 den 1.7.2009

Formannskap:

Bystyre:

Historikk / Eitervurderingar:  
 (Avvik og erfaringar i forhold til planer, framdrift, økonomi, kvalitet etc.) Ev. på eige vedlegg.

Kva saka gjeld:  
 Det vart i plan og miljøutvalet den 2.6.2009 sak 013/09 vedtatt å utføre asfaltering innanfor ei kosnadsramme på 1. mill. kroner på lygjande vegar i prioritert rekkefølge:

- Hans Blomgate
- Sørheimvegen
- Havrenesvegen, sideveg til Efinor Jobbhotell AS
- Sørstrandvegen
- Vangsvegen
- Veg i Standal
- Lyngvegen
- Svanhelmsvegen

Etter utlysing i Doffinbasen var det ein som meldte seg om å få utlevert konkurransegrunnlaget, Kolo Veidekke AS.

Hjelnes Consult Florø AS utførte kontroll av anbødet og utarbeidde anbødsinnstilling til Flora Kommune. I prosjektkomiteen den 1.7.2009 sak 021/09 vart det vedteke at Kolo Veidekke vart tildelt entrepris på asfaltering.

I budsjett 2010 Bystyresak 169/09 den 15.12.2009 vart det løyvd ytterligere kr.130.000,- til prosjekt 78606 Asfaltering.

Prosjektet vart ferdigstilt i 2009, med eit mindreforbruk på kr. 5 835,28.

Økonomi:		
Vedtatt ramme:	Kr.1 130 000,-	Bystyre sak 198/08 og 169/09
Kalkyle etter anbødsrunde:		
Eventuelt justert ramme:		Bystyre sak:
Endelige tot. Kostnader:	Kr.1 124 164,72	
Avvik (- +)	+kr. 5 835,28	
Eventuelt Oppfinansiering:		Bystyre sak:



**Saksgang**  
Prosjektkomiteen  
Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Bystyret

**Møtedato**  
14.12.2011

**Saknr**  
043/11

**Sakshandsamar:**  
Hanne Anette Flugre

**Arkiv:** K1-216, K2-Q04 **Arkivsaknr**  
11/1859

## **SLUTTRAPPORT PROSJEKT 78606 ASFALTERING**

### **Kva saka gjeld:**

Asfaltering av fylgjande vegar:

- Hans Blomgate
- Sørheimvegen
- Havrenesvegen, sideveg til Efinor Jobbhotell AS
- Sørstrandvegen
- Vangsvegen
- Veg i Standal
- Lyngvegen
- Svanheimsvegen

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. Sluttrapport og rekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Mindreforbruket på kr. 5.835,28 vert overført til prosjekt 78631 "asfaltering 2011"

**14.12.2011 PROSJEKTKOMITEEN**

### ***Røysting:***

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **PRKO-043/11 VEDTAK:**

1. Sluttrapport og rekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Mindreforbruket på kr. 5.835,28 vert overført til prosjekt 78631 "asfaltering 2011"

Terje Heggheim  
Rådmann

Reidulf Refsnes  
Tenesteleiar

Saksgang:  
Plan- og Miljøutvalet

Møtedato:  
02.06.2009

Saknr.:  
013/09

Saksbehandlar:  
Willy Stenbak

Arkiv: K2-Q04  
Objekt:

Arkivsaknr  
04/1025

### ASFALTERING 2009

#### Kva sakta gjeld:

Det er i budsjett og handlingsprogram for 2009 avsett 1. mill. kroner til asfaltering. I tilråding til asfalteringsprogram for 2009, har vi lagt vekt på å prioritere vegar som har tungt vedlikehald og grusvegar som ligg att som ein "rest" i eit elles asfaltert vegområde.

#### FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Asfaltering vert å utføre innan ei kostnadsramme på 1. mill. kroner på fylgjande vegar i prioritert rekkefylgje:

- o Hans Blomgate
- o Sørheimvegen
- o Havrenesvegen, sideveg til Efinor Jobbhotell AS
- o Sørstrandvegen
- o Vangsvegen
- o Veg i Standal
- o Lyngvegen
- o Sollaugvegen
- o Svanheimsvegen

#### 02.06.2009 PLAN- OG MILJØUTVALET

Røysting:  
Rådmannen si tilråding vart samroystes vedteken.

#### PMUV-013/09 VEDTAK:

Asfaltering vert å utføre innan ei kostnadsramme på 1. mill. kroner på fylgjande vegar i prioritert rekkefylgje:

- o Hans Blomgate
- o Sørheimvegen
- o Havrenesvegen, sideveg til Efinor Jobbhotell AS
- o Sørstrandvegen
- o Vangsvegen

1 FLORA KOMMUNE (2011) - År/Periode 2011 1 - 98

13.10.2011

	Regnskap 2009	Buds(end) 2009	Regnskap 2010	Buds(end) 2010	Regnskap 2011	Buds(end) 2011
Prosjekt: 78606 Asfaltering						
32310 TALENTREREPRIS	968.507,60	1.000.000	0,00	130.000	0,00	0
32320 VEDLIKEHALD	8.990,40	0	0,00	0	0,00	0
32330 KONSULENTTENESTER	13.041,00	0	0,00	0	0,00	0
34291 MVA PÅ VEDERLAG, MVA-PLIKTIGE ANSAFFELSER	122.837,72	0	0,00	0	0,00	0
35002 BYGGELÅNSRENTER	10.788,00	0	0,00	0	0,00	0
Sum utgifter	1.124.164,72	1.000.000	0,00	130.000	0,00	0
39101 BRUK AV LÅN	-1.124.164,72	-1.000.000	0,00	-130.000	0,00	0
Sum inntekter	-1.124.164,72	-1.000.000	0,00	-130.000	0,00	0
Sum prosjekt: 78606 Asfaltering	0,00	0	0,00	0	0,00	0
<b>TOTALT</b>	<b>0,00</b>	<b>0</b>	<b>0,00</b>	<b>0</b>	<b>0,00</b>	<b>0</b>

- o Veg i Standal
- o Lyngvegen
- o Solhaugvegen
- o Svanheimsvegen

Terje Heggheim  
Rådmann

Reidulf Refsnes  
Tenessteleiar

#### Innleiing:

I budsjett og handlingsprogram for 2009 er det i kap.6.1 "Investeringsprogram – frie inntekter", prosjekt: "Asfaltering" gitt ei investeringsramme på 1. mill. kroner. Totalt har kommunen om lag 57,3 km grusveg fordelt med om lag 2,5 km på Flora-landet og ca. 53,8 km i distriktet.

Mange av vegane i distriktet er det naudsynt med oppjustering av vegbana og grøftereinisk for å sikre best mulig underlag før det vert lagt asfalt.

#### Vurdering:

Rådmannen rår til at dei mest trafikkerte grusvegane i sentrum får asfaldtekke:

Hans Blomgate, Sørheimvegen, sideveg til Havnesvegen, Sørstrandvegen og Vangsvægen øst.

Vidare ser rådmannen at det er naudsynt og reasfaltere enkelte adkomstvegar i eldre

bustadområder. Det gjeld delar av Lyngvegen, Solhaugvegen og delar av Svanheimsvegen.

I distriktet rår rådmannen at ein arbeider vidare med asfaltering i Standalen. Vegen i Standalen må rustast opp p.g.a. setningar i vegbana. Skal ein sikre god asfalteringsgrunnlag må det og utførast grøftereinisk og leggest på eit bæreleg grus.

#### Følgjande vegar som kan vere aktuelt å asfaltere:

##### Grusveg oversikt i Flora kommune m/

##### kostnad for asfaltering

Grusveg i sentrum	Lengde m2.	Pris inkl. bæreleg, asfaltering og avgifter	Tilråding til asfaltering
Anders Lotheveg	150	225 000,-	
Sørheimvegen	170	150 000,-	150 000,-
Vågastubben	230	690	172 500,-
Båtvika-Keilevegen	150	450	112 500,-
Hans Blomgate fra Livius Smith gate mot kyrkia	90	540	135 000,-
Sørstrandvegen	130	500	125 000,-
Auklandsvegen	160	480	120 000,-
Røverhillarvegen	100	300	75 000,-
Soldalvegen	330	1320	330 000,-
Austvikvegen	230	805	201 000,-
Krokane Carping	200	800	200 000,-
Vangsvægen	230	805	201 000,-
Kanonstillingane gl.veg	230	805	201 000,-
Sandåkervegen	100	400	100 000,-
Havnesvegen, sideveg til Efinor Jobshotell AS	60	240	60 000,-
	2550		
<b>Oppgradering av kommunale grusveggar i distriktet</b>			
Fylkesveg - Søre Midtbø	2550	1650	412 500,-
Klaustene	2500	8750	2 187 500,-
Barekstad- Hovdevåg	7600	22800	5 700 000,-
Barekstad - Kjeltingen	930	2790	697 500,-
Veg på Nærøy	830	2075	518 500,-
Vegar i Bataiden (Fanøy)	1800	3600	900 000,-
Askrova gravplass	450	1350	337 500,-
Askrova Espeseth	300	1500	375 000,-
Veg til molo på Espeseth	150	600	150 000,-

Svanøy	8500	29750	7 437 500,-
Veg til Droga	600	2100	525 000,-
Veg i Standal	3820	15280	3 820 000,-
Veg i Støvang	1250	5000	1 250 000,-
Stavøy Slikkeveg	1500	5250	1 312 500,-
Steinshovden gravplass	270	810	202 500,-
Veg til Nytingnes	1100	3300	825 000,-
Veg i Sandvika	2950	11800	2 950 000,-
Veg til Steindalen	3500	12250	3 062 500,-
Vegar på Knapstad	550	1925	481 500,-
Brekke - Myrane	1070	3745	936 000,-
Sørdalen	500	1750	437 500,-
Endestad	2000	6000	1 500 000,-
Osenmyra - Løkkebø	1950	6825	1 706 500,-
Løkkebø - Nærstøylen	1300	4550	1 137 500,-
Elkefjord Idrett - byggefelt	200	600	150 000,-
Veg til Standal skule	100	300	75 000,-
Humlestøl	1500	6000	1 500 000,-
Listevegen	1550	5425	1 356 500,-
Rekstad	200	600	150 000,-
Tansøy	200	600	150 000,-
Osen	800	2400	600 000,-
Færgykavlen	1200	3600	900 000,-
	53730		
<b>Reasfaltering</b>			
Lyngevegen			130 000,-
Solhaugvegen			85 000,-
Svanheimsvegen			30 000,-
<b>Sum asfaltering</b>			1.mill. kroner

**Økonomiske konsekvensar:**

Arbeidet vert finansiert over investeringsbudsjettet.

Før oppstart må arbeidet prosjekterast og konkurransegrunnlag utarbeidast.

I samsvar med til lov om "offentlige anskaffelser" så skal arbeidet lysast ut på anbod og kunningerast i "Doffin" basen.

Saksangang  
Prosjektkomiteen

Møtedato  
01.07.2009

Saksnr.  
021/09

Sakshandsamar:  
Willy Stenbakk

Artiv: K2-Q04  
Objekt:

Arktivsaknr  
04/1025

**PROSJEKT 78606 - ASFALTERING 2009 - TILDELING AV  
ENTREPRISER**

**Kva saka gjeld:**

I Plan- og miljøutvalet møte den 02.06.2009, sak 013./09, vart det gjort vedtak om å asfaltere vegar som har tungt vedlikehald og grusvegar som ligg att som ein "rest" i eit elles asfaltert vegområde.

Asfaltering vert å utføre innan ei kostnadsrøme på 1.mill. kroner.

Asfalterings arbeidet har vore ute på anbud. Ved utløp av anbudsfristen var det kome inn eit anbud frå Kolo Veidekke AS.

Abudet er kontrollert og tilfredsstillar alle krav som var sett i anbudsdokumenta.

**FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. Kolo Veidekke AS vert tildelt entrepris på asfaltering.

01.07.2009 PROSJEKTKOMITEEN

**Røysing:**

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

**PRKO-021/09 VEDTAK:**

1. Kolo Veidekke AS vert tildelt entrepris på asfaltering.

Terje Heggheim  
Rådmann

**Innleiing:**

Etter utlysing i Doffinbasen vart det ein som melde seg om å få utlevert konkurransegrunnlaget, Kolo Veidekk AS.

Det kom inn eit anbud som var frå Kolo vegtekke AS.  
Anbodssummen er på kr. 720.845,- eks. avgifter.

**Vurdering:**

Hjeltnes Consult Florø AS har utført kontroll av anbodet og utarbeidet abudsinnstilling til Flora kommune.

**Hjeltnes Consult Florø AS sin innstilling er:**

Kolo Veidekke AS har levert eit tilbud som tilfredsstiller dei krav som er stilte i konkurransegrunnlaget. Prisane i tilbudet er som normalt i markede, men ikkje høge. Ferdig stilling innan tidsfrist som er sett i tilbudsgrunnlaget.

Vi anbefaler Byggherren å innleie kontraktforhandlingar med dette firma.

**Økonomiske konsekvensar:**

Asfaltering innanfor ei kostnadsrøme på 1.mill.kroner. "prosjektur. 78606" i 2009 er vedteke av bystyret den 16.12.2008, sak 159/08.  
Fylkesmannen har i brev datert 23.03.2009 godkjent prosjektet og låneopptak til dette.

**Prenta/uprenta vedlegg:**

- PLM sak 013/09
- Anbudsprotokoll daert 26.06.09
- Notat frå Hjeltnes Consult Florø AS